



Møre og Romsdal fylke



AREAL- OG
MILJØVERNDELINGA



Supplerande kartlegging av naturtypar i Vanylven kommune 2007

Rapport 2008-01

Framsidedeilete:

Frå Sætreffjellet tatt nordover mot Åheim (lokalitet 128 Tusshornet-Veradalen), dette er eit større kystlyngheiområde som også har mange oseaniske moseartar.

Støylsvatnet i Syltedalen (BN00012954), eit lite vatn undersøkt av Vidnes (2004). I utløpsosen var det eit belte av m.a. gulldusk. Foto: John Bjarne Jordal ©.

To av dei raudlista planteartane i Vanylven. T.v. solblom, ei engplante i sterk tilbakegang, med få attverande lokalitetar i Vanylven. I midten brunburkne, ei plante som berre veks på olivin.

Foto: Dag Holtan ©.

*T.h. den sjeldne og raudlista beitemarkssoppen gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*) vart funne på Rovde, naturbeitemark sør for Åsen (117). Foto: John Bjarne Jordal ©.*

		Rapport nr.: 2008-01														
Utført av: John Bjarne Jordal Dag Holtan	Kontaktperson/prosjektansvarleg: John Bjarne Jordal epost: john.bjarne.jordal@sunndals.net	ISBN 978-82-7430-150-4 (pdf utgåve) ISBN 978-82-7430-154-2 (trykt utgåve) ISSN 0801-9363														
Oppdragsgjevar: MR fylke	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Kjell Lyse	År: 2008														
<p>Referanse: Jordal, J. B. & Holtan, D. 2008: Supplerande kartlegging av naturtypar i Vanylven kommune 2007. Møre og Romsdal Fylke, Areal- og miljøvernavingdelinga rapport 2008-01. 69 s.</p>																
<p>Referat: Det er utført supplerande kartlegging av prioriterte naturtypar og raudlisteartar i Vanylven kommune etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Det er avgrensa og skildra 42 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, berg/rasmark og fjell. 30 er nye og 12 er undersøkte tidlegare. Det er samanstilt funn av nasjonale raudlisteartar (47 funn av 25 artar). Materialet er levert i rapportform, og som kart og database. Vanylven sitt særpreg er særleg innanfor naturtypane olivinfuruskog (ein nasjonalt sjeldan type), edellauvskog (særleg med hassel), kulturlandskap med kystlyngheier og naturbeitemarker, og nedbørrike kystfjell med ein rikhaldig, oseanisk moseflora på fuktige, gjerne nordvendte stader. Vanylven kommune har eitt verneområde, eit sjøområde med dyrelivsfredning ved Åram (Storevik, mesteparten ligg i Sande). Naturen i Vanylven er framleis mangelfullt kjent.</p>																
<p>Emneord:</p> <table> <tr> <td>Biologisk mangfald</td> <td>Prioriterte naturtypar</td> </tr> <tr> <td>Planter</td> <td>Kulturlandskap</td> </tr> <tr> <td>Sopp</td> <td>Myr</td> </tr> <tr> <td>Mose</td> <td>Skog</td> </tr> <tr> <td>Lav</td> <td>Rasmark</td> </tr> <tr> <td>Insekt</td> <td>Fjell</td> </tr> <tr> <td>Fugl</td> <td>Ferskvatn</td> </tr> </table>			Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar	Planter	Kulturlandskap	Sopp	Myr	Mose	Skog	Lav	Rasmark	Insekt	Fjell	Fugl	Ferskvatn
Biologisk mangfald	Prioriterte naturtypar															
Planter	Kulturlandskap															
Sopp	Myr															
Mose	Skog															
Lav	Rasmark															
Insekt	Fjell															
Fugl	Ferskvatn															
Fagansvarleg:		For administrasjonen:														
<hr/> Trond Haukebø (seksjonssjef)		<hr/> Per Fredrik Brun (areal- og miljøverndirektør)														

FØREORD

Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Første runde av dette arbeidet er på det næraste avslutta i Møre og Romsdal, og fylket arbeider no med kvalitetssikring og supplering av dei data som tidlegare er samla inn. Denne rapporten er ein del av dette.

Rapporten er laga på oppdrag av Møre og Romsdal fylke av John Bjarne Jordal og Dag Holtan. Arbeidet er finansiert av Direktoratet for naturforvaltning. Rapporten er basert på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging. Innhaldet i rapporten er også tilgjengeleg på Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase på www.naturbase.no

INNHALD

FØREORD	4
INNHALD	5
SAMANDRAG	6
INNLEIING	9
BAKGRUNN OG FORMÅL	9
NOKRE OMGREP	9
METODAR OG MATERIALE	11
INNSAMLING AV INFORMASJON.....	11
VERDSETTING OG PRIORITERING.....	11
PRESENTASJON.....	13
LOKALITETAR	14
NYE LOKALITETAR	14
LOKALITETAR MED SUPPLERINGAR OG ENDRINGAR	34
OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS	45
RAUDLISTEARTAR	47
ALGAR	47
SOPP.....	47
PLANTER	47
LAV.....	47
VIRVELLAUSE DYR	47
KUNNSKAPSSTATUS	51
OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET.....	51
BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR	52
KJELDER	53
LITTERATUR.....	53
INTERNETT	54
MUNNLEGE KJELDER	55
VEDLEGG	56
PLANTELISTER FOR LOKALITETAR	56
SOPPLISTER FOR LOKALITETAR.....	60
LAVLISTER FOR LOKALITETAR.....	60
MOSELISTER FOR LOKALITETAR	61
KART	62
BILETE	63

SAMANDRAG

Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), " Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudformålet med prosjektet er å gje alle arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i all verksemd.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Desse såkalla prioriterte naturtypene er definerte i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald som no er oppdatert på Internett (Direktoratet for naturforvaltning 2007).

For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa på feltarbeid. Informasjonen er samanstillt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart, i database og i rapport.

Lokalitetar av prioriterte naturtypar i Vanylven

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig) som er undersøkte i prosjektet, det er 30 nye og 12 der det er samla supplerande data. Nye lokalitetar er gjeve nummer frå 101 til 130. For lokalitetar som er undersøkt tidlegare, er det nytta dei same numra som i DN sin Naturbase på Internett (BN+8 siffer).

Tabell 1. Prioriterte naturtypelokalitetar i Vanylven skildra i denne rapporten. Tabellen gjev ei oversikt over lokalitetane sorterte etter nummer. Tresifra tal er nye lokalitetar, BN+8 siffer er Naturbase-nummer (gamle lokalitetar). A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
101	Almklovdalen: Gusdalsbrunene	F01 Rik edellauvskog	B
102	Almklovdalen: Hellebust	A08 Kystmyr	B
103	Almklovdalen: Kjerringhaugen	F03 Kalkskog	A
104	Almklovdalen: Raudehaugen	F03 Kalkskog	A
105	Almklovdalen: Rustehaugen	F03 Kalkskog	A
106	Arset	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
107	Bjørlykkestranda	D07 Kystlynghei	B
108	Bjørlykkehornet	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	A
109	Brandal: Heia	D07 Kystlynghei	B
110	Brandalsbrunane, Selhamrane	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
111	Brudevik	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
112	Børholmen	D07 Kystlynghei	C
113	Hammaren	D04 Naturbeitemark	C
114	Koparnes	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B

Nr.	Lokalitet	Naturtype	Verdi
115	Krabbesti	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
116	Rovde: Nytnun	D04 Naturbeitemark	B
117	Rovde: sør for Åsen	D04 Naturbeitemark	B
118	Sandnesdalen: Gullivatnet-Gullibrunene	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
119	Sandvikdalen	D07 Kystlynghei	B
120	Syltedalen: Botnen-Ausa	D07 Kystlynghei	B
121	Syltedalen austside	D07 Kystlynghei	B
122	Syltedalen: Nonshornurene	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark	B
123	Syltedalen: Skoraelva	E06 Viktig bekkedrag	A
124	Syltedalen: Årstøylen	D04 Naturbeitemark	C
125	Syvdsliene: Gamlesetra	A08 Kystmyr	A
126	Syvdsliene: Krokane	D04 Naturbeitemark	B
127	Sørdalen: Breiskreda	D04 Naturbeitemark	B
128	Tusshornet-Veradalen	D07 Kystlynghei	B
129	Åram: Sætrevik	D07 Kystlynghei	B
130	Eide: Røstenakken	F01 Rik edellauvskog	B
BN00012902	Almklovdaalen: Lia	D01 Slåttemark	B
BN00012903	Almklovdaalen: Hellebust: Holmen	D01 Slåttemark	A
BN00012906	Almklovdaalen: Halse	D01 Slåttemark	B
BN00012911	Almklovdaalen: Eikremsæter	D01 Slåttemark	B
BN00012912	Almklovdaalen: Gusdal, øvre	D01 Slåttemark	A
BN00012916	Raudesanden	C01 Kalkrike område i fjellet	A
BN00012927	Syvde: utløpet av Oselva	G07 Brakkvassdelta	D
BN00012930	Syvde: Vikøyrane	G07 Brakkvassdelta	B
BN00012931	Fiskå: Tunheimshornet	F01 Rik edellauvskog	B
BN00012934	Fiskå: Strand	F01 Rik edellauvskog	A
BN00012936	Syvdsfjorden: Vardegga (tidl. "Skåraura")	F01 Rik edellauvskog	A
BN00012939	Sandnesdalen: Ramshylla (tidl. "Sandnes")	F01 Rik edellauvskog	A

Lokalitetane 107 og 119 er endra i høve til Moen et al. (2006), og deira lokalitetar er dessutan ikkje kome inn i Naturbase i skrivande stund. I Vidnes (2004) og Naturbase på Internett er det skildra ein del andre lokalitetar enn i tabell 1, sjå full oversikt over gamle lokalitetar og alle endringar i tabell 2 i kapitlet med lokalitetsskildringar.

Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport (Kålås et al. 2006).

Det er registrert førekomstar av raudlisteartar av algar, planter, sopp, lav og ferskvassblautdyr i Vanylven, og dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel. Totalt er det kjent 47 funn av 25 artar.

Kunnskapsstatus

Eit eige kapittel inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står det framleis att område å undersøkje i skog (edellauvskog, gråor-heggeskog, olivinfuruskog), myr, kulturlandskap (kystlynghei, naturbeitemarker), i nordvendte kystberg og blokkmark, og i ferskvatn (stille og rennande). Kunnskapen om mange organismegrupper og potensielle raudlisteartar i Vanylven er også jamt over dårleg.

Kjelder

Skriftlege og muntlege kjelder som er nytta i arbeidet med rapporten er oppgjevne.

Vedlegg

I vedlegget er det presentert artslistar av planter, lav, sopp og mosar frå dei undersøkte lokalitetane. Desse er ikkje fullstendige eller utfyllande, men gir ein peikepinn på mangfaldet og verdiane.

Kart

Møre og Romsdal fylke har digitalisert dei avgrensa lokalitetane, og kart som viser dei nye områda i kommunen er presenterte bakerst i rapporten. Tidlegare registrerte område er vist i den kommunale kartleggingsrapporten frå 2004. Samla oversikt i www.naturbase.no

INNLEIING

Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetanse og kunnskap om naturverdiar og naturforvaltning og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartleggjinga av alle norske kommunar. Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) "Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning". Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudformålet med naturtypekartlegging er å gje alle arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i all verksemd.

Når det gjeld biologisk mangfald generelt, trugsmål, verkemiddel for bevaring, og generell omtale av naturen i Vanylven, viser ein til Vidnes (2004) som var det første prosjektet med naturtypekartlegging i kommunen. Denne rapporten er ei supplering og vidareføring der føremålet er å betra kunnskapsgrunnlaget.

Nokre omgrep

Beitemarkssopp: grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

Biologisk mangfald omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

Edellauskog: skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga. I Vanylven er det alm, ask, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslaga krev ein høgare gjennomsnittstemperatur enn andre treslag som gran, furu, bjørk m.m.

Høgmyr: Myrtype der plantene får næring berre frå regnvatn, og der torvopphopping gjer at høgaste punkta ligg inne på myra. Ein viktig myrtype på kysten kallast atlantisk høgmyr.

Indikatorart (signalart): ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der han lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

Kontinuitet: i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

Naturbeitemark: gammel beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

Naturengplanter: planter som er knytt til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed en parallell til beitemarkssoppene.

Nedbørsmyr: Myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

Oligotrof: Næringsfattig, vert bruka om ferskvatn som er naturleg næringsfattige og dessutan lite påverka av næringstilsig.

Ombrotrof myr: Det same som nedbørsmyr, myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

Oseanisk: Som har å gjera med kysten og havet. Vert bruka om eit klima med mild vinter og kjøleg sommar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette er kontinental.

Raudliste: liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (Kålås et al. 2006).

Rikmyr: Jordvassmyr (sjå denne) med høg pH, ofte på grunn av lettforvitrelige basiske bergartar i grunnen. I denne myrtypen finst ei rekkje orkidéar, andre planter, mosar og anna som trivst berre i myr med høg pH.

Signalart: vert i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart.

Tradisjonelt kulturlandskap: dominerande typar av jordbrukslandskap for t.d. 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og lynghei.

Truga artar: artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar (jf. Kålås et al. 2006).

METODAR OG MATERIALE

Innsamling av informasjon

Informasjonen i dette prosjektet er i hovudsak meint å supplera tidlegare naturtypekartlegging i kommunen (Vidnes 2004, Naturbase på Internett). Den nye informasjonen kjem i hovudsak frå feltarbeid, og er utført av forfattarane. Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld (såkalla "prioriterte naturtypar"), er definert i DN-handbok nr. 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007 på Internett).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker.
- ein registrerer ikkje blåbærbyrkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter, eller olivinfuruskog som utgjer eit svært lite areal i landet vårt.
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden moseflora.

Fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område eller vilt.

Litteratur med data frå Vanylven er i hovudsak gjennomgått av Vidnes (2004) og er ikkje prioritert i denne omgangen, men einskilde kjelder er brukt. Desse er sitert under den einskilde lokaliteten.

Artsbestemming og dokumentasjon

Artsmangfaldet er viktig å dokumentera, m.a. for å vurdere lokalitetane sin forvaltningsmessige verdi. Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Lid & Lid (2005), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 2004). For andre artar har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsén (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Perry Larsen har hjelpt til med bestemming av einskilde soppartar. Bestemming av mosar er gjort m.a. ved hjelp av Hallingbäck & Holmåsén (1985) og Damsholt (2002). Dr. scient. Kristian Hassel, NTNU Vitenskapsmuseet, har hjelpt til med bestemming og kontroll av einskilde mosefunn. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994). Særleg interessante funn (planter, sopp, lav, mosar) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo eller Vitenskapsmuseet i Trondheim, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vitskaplege navn følgjer dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet.

Verdsetting og prioritering

Generelt

Ved verdsetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

Kriteriar og kategoriar

Ein viser her til verdisettingskriteria i DN-handbok nr. 13, 2. utgåve (DN 2007 på Internett).

Kategoriene her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

Kriteria for å plassera ein lokalitet i A, B eller C gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Lokalitetar som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria for kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. førekomst av høgt prioriterte artar på raudlista, særleg velutvikla og artsrike, eller ein særleg sjeldan eller truga naturtype. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til oppramsa mange artar som er funne på staden. Nokre artar vert lagt særleg mykje vekt på i verdisettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar vert kort omtala her. Nedanfor vert det oppramsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdisettinga.

Edellauvskog: t. d. svarterteknapp, breiflangre, vårerteknapp, ramslauk, sanikel, vårmarihand
Rik fjellvegetasjon: raudsildre, gulsildre, fjellsmelle
Rikmyr: breiull, engstorr, loppestorr, jåblom, gulstorr
Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995), dette kan vera t.d. blåklokke, grov nattfiol, jordnøtt, kystmaure, grå vokssopp, gul småfingersopp og raudskivevokssopp.

Bruk av truga vegetasjonstypar

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdisettinga.

Område med dårlege data eller usikker status

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er samla i tabell 3 i kapitlet "Område med dårlege data eller usikker status". Ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert eller berre sett på kart, eller ein har for dårlege data om lokaliteten
- lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til å avgrensa lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

Presentasjon

Dei einiskilde lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (2007 på Internett) med nokre justeringar. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare.

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel. Siste kapitlet kjem med ei vurdering av kunnskapsgrunnlaget ut frå den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er det presentert kjelder og vedlegg i form av artslistar frå einiskildlokalitetar.

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på manuskart, som så er digitalisert. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befarung for å få ei meir detaljert avgrensing og prioritering.

LOKALITETAR

42 lokalitetar er skildra i denne rapporten, av desse er 30 nye, og 12 har fått endra områdeskildring som eit supplement til tidlegare naturtypekartlegging (Vidnes 2004, Naturbase). Lokalitetane er ordna etter stigande nummer.

Skildringa av kvar lokalitet er standardisert etter ein fast mal.

Følgjande forkortingar er nytta: DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG= Karl Johan Grimstad, MV=Mattis Vidnes, PL=Perry G. Larsen.

Sjå også kapitlet om raudlisteartar og tabell 4. Informasjon om vegetasjonssone og vegetasjonsseksjon er henta frå Moen (1998). Raudlisteartar er utheva med feite typar.

Nye lokalitetar

101 Almklovdalen: Gusdalsbrunene

UTM: LP 204 812
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Utforming: F0103 Rikt hasselkratt
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 15.08.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid 15.08. 2007. Lokaliteten er ein edellauvskog som ligg i ei sørvendt fjellside på nordsida av Gusdalsvatnet. Lokalnamn på økonomisk kart er Gusdalsbrunene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Mest vanleg er overgangar mellom småbregneskog, blåbærskog og svakt utvikla lågurtskog. Bjørk er vanlegaste treslag, elles finst gråor, hassel, hegg, osp, rogn og selje.

Kulturpåverknad: Det er eit par kraftliner i nedkant av den avgrensa lokaliteten.

Artsfunn: Av planter kan nemnast **alm** (NT på raudlista), blåklokke, blåknapp, blå rapp, enghumleblom, hassel, hengjeaks, hundekveke, kratthumleblom, krattlodnegras, lækjeveronika, markjordbær, myske, ormetelg, raggtelg, skogfiol, skogsvinerot, smalkjempe, stankstorkenebb og tågebær. Det vart i tillegg funne hakkemerker på tre som kan vere laga av raudlistearten kvitryggspett (NT på raudlista).

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av det er ein rik edellauvskog, eit etter måten stort og intakt område med innslag av rikt hasselkratt under skorer og berg gjennom heile lokaliteten.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

102 Almklovdalen: Hellebust

UTM: LP 237 790
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: A08 Kystmyr
Utforming: A0803 Jordvassmyr
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 18.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 29.01.2008 basert på eige feltarbeid 18.09.2007. Lokaliteten er ei slakt hellande til flat fattigmyr som ligg sør for busetnaden på Hellebust i Almklovdalen. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av fattig fastmatte- og lausbotnmyr (K3, K4) og noko fattig skog/kratt-myr (K1).

Kulturpåverknad: Det går ei kraftline over myra. Myrene har fleire gjerde og har vore beita fram til no (mest storfe), men det er truleg i ferd med å bli mindre beitetrykk.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåknapp, hundekvein, klokkelyng, kornstorr, kvitmyrak, kystmaure, loppestorr og sumphaukeskjegg. Det skal og vera funne solblom ved LP ca. 235 790 (kjelde: Karin Aasen). Av mosar vart det funne m.a. storstylte *Bazzania trilobata*, som er ein nokså oseanisk art.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei kystmyr over 50 dekar i sørboreal sone. Slike myrer er generelt sterkt truga av inngrep.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, særleg slike som påverkar dei hydrologiske tilhøva i myra.

103 Almklovdalen: Kjerringhaugen

UTM:	LP 210 807
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F03 Kalkskog
Utforming:	F0305 Serpentinfuruskog
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	Bjørlykke (1938), 15.08.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid 15.08. 2007. Bjørlykke (1938) og Bjørndalen & Brandrud (1989) omtalar Almklovdalen under eitt, med lite stadfesta informasjon. Almklovdalen og Bjørkedalen er dei største olivinområda i Norden. Lokaliteten er ein olivinfuruskog og ligg som ein oppstikkande kolle på austsida av Gusdalsvatnet. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Røsslyngskog er ein viktig vegetasjonstype, men det er verd å merka seg at store felt er dominert av grasarten blåtopp i marksjiktet, gjerne med ein del einer. Dette er med på å understreka det sterke oseaniske preget. Furu dominerar totalt, med spreidde innslag av bjørk, gråor, rogn og selje.

Kulturpåverknad: Sjølv om det i dag er få spor etter t.d. tidlegare hogst, er skogen i dag gjennomgåande ung, med største diameter på furu i storleiken 40-50 cm.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, fjellarve, grønburkne, hengjeaks, skogfiol og tågebær.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein kalkskog på Vestlandet, nærare bestemt ein lokalitet med intakt olivinfuruskog. Naturtypen er sterkt truga, og dette er ein av svært få lokalitetar i Noreg som ikkje allereie er øydelagt av hogst eller bergverksdrift.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

104 Almklovdalen: Raudehaugen

UTM:	LP 238 798
-------------	------------

Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F03 Kalkskog
Utforming: F0305 Serpentinfuruskog
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: Bjørlykke (1938), 15.08. og 27.08.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid 15. og 27.08.2007. Bjørlykke (1938) og Bjørndalen & Brandrud (1989) omtalar Almklovdalen under eitt, med lite stadfesta informasjon, men utfyllande skildringar av m.a. vegetasjonen.

Almklovdalen og Bjørkedalen er dei største olivinområda i Norden. Lokaliteten er ein olivinfuruskog og ligg øvst i Almklovdalen, med dagbrota som nærmaste nabo mot vest. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Røsslyngskog og blåbærskog er viktigaste vegetasjonstypar, stadvis med svært mykje blåtopp i marksjiktet. Utanom furu veks bjørk, gråor og rogn spreidd.

Kulturpåverknad: Det har vore plukka ut noko furuskog i nyare tid, slik at eit par mindre hogstflater inngår i avgrensinga. Det finst sparsamt med daud ved. I tillegg er det gjort forsøk på å byggja skogsbilveg i vest, men denne er i ferd med å drenerast vekk og er i tillegg i sterk attgroing.

Artsfunn: Av planter (DH) kan nemnast aurskrinneblom, blåknapp, breiflangre, bråtestorr, dvergjamne, enghumbleblom, engsmelle, fjelltjæreblom, grønburkne, gulsildre, hanekam, knegras, kornstorr, kystmyrklegg, raudflangre, skogfiol, skogmarihand og tiriltunge. Funnet av raudflangre er interessant, også Bjørlykke (1938) og Bjørndalen & Brandrud (1989) nemner denne arten frå Almklovdalen, men ikkje nærare stadfesta. Derimot nemner han spesielt at det var mykje blankburkne i urene under Raudehaugen. Det er svært interessant, og ikkje vanleg, at både den og breiflangra til dels veks i sterkt sigevasspåverka område. Av sopp kan nemnast funn av duftslørsopp *Cortinarius percomis*.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein kalkskog på Vestlandet. Det er elles ein etter måten stor og nokolunde intakt lokalitet med olivinfuruskog (ein svært truga naturtype), samstundes som her er ganske artsrikt. Det er også lagt noko vekt på at særleg dei brattaste delområda i vest heilt klart har eit potensial for funn av sjeldne eller raudlista artar av sopp.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

105 Almklovdalen: Rustehaugen

UTM: LP 228 802
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F03 Kalkskog
Utforming: F0305 Serpentinfuruskog
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: Bjørlykke (1938), 18.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert på eige feltarbeid 18.09.2007. Bjørlykke (1938) og Bjørndalen & Brandrud (1989) omtalar Almklovdalen under eitt, med lite stadfesta informasjon, men utfyllande skildringar av m.a. vegetasjonen.

Almklovdalen og Bjørkedalen er dei største olivinområda i Norden. Lokaliteten er ein olivinfuruskog som ligg midt i Almklovdalen, aust for garden Ruste (Røste). Det er relativt lite

olivin i dagen, men nokre knausar finst. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Røsslyng-blokkebærfuruskog, kystutforming (A3c) er vanlegaste type, men det er og noko grasdominert fattigskog, blåtopputforming (A7c), og innslag av torvmosar og fattigmyrflekker. Den oseaniske mosen storstylte var utbreidd. Treskiktet er dominert av furu, men det er og noko bjørk, rogn og gråor.

Kulturpåverknad: Sjølv om det i dag er få spor etter t.d. tidlegare hogst, er skogen i dag gjennomgåande ung, med største diameter på furu i storleiken 40-50 cm. Det finst sparsamt med gadd og læger.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåknapp, enghumleblom, fagerperikum, grønburkne, heiblåfjør, heisiv, klokkeling, knegras, kornstorr, loppestorr og tågebær. Av mosar vart det funne fleire oseaniske artar, m.a. storstylte *Bazzania trilobata*, gullhårrose *Breutelia chrysocoma* og kystvibladmose *Scapania gracilis*. Det vart sett furugadd med spettehakk.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein kalkskog på Vestlandet. Det er ein intakt olivinfuruskog, som er ein svært truga naturtype.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området.

106 Arset

UTM:	LP 187 991
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	26.10.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert på eige feltarbeid 26.10.2007. Lokaliteten består av nordvendte kystberg og blokkmark og ligg ovanfor Arsetgardane på den nordvendte stranda mellom Åram og Brandal (tilhørte tidlegare Sande kommune). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg (F2) med gode bestandar av hinnebregne, rasmark, fuktig gras-urt-utforming (F1b) og etasjemose-utforming (F1c), dessutan noko bregneskog og høgstaudeskog med bjørk og rogn (C1b/C1c). Mykje epifyttiske mosar på trea.

Kulturpåverknad: Liten påverknad i lokaliteten, men noko hogst i tilgrensande område, og ein kraftledningstrasé i austkanten av lokaliteten er rydda. Fleire rotvelter av bjørk og litt daud ved.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåklokke, hinnebregne, krattlodnegras, revebjølle, sisselrot, skjørlok, smørtelg og storfrytle. Av mosar vart det funne m.a. bergpolstermose *Amphidium mougeotii*, skortejuvmose *Anoetangium aestivum*, eplekulemose *Bartramia pomiformis*, rødmesigmose *Blindia acuta*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, vengemose *Douinia ovata*, dronningmose *Hookeria lucens*, musehalemose *Isothecium myosuroides*, kyststornemose *Mnium hornum*, krusfagermose *Plagiomnium undulatum*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum* og bekkerundmose *Rhizomnium punctatum*. Slike som hinnebregne og dronningmose er gode signalartar på naturtypen.

Prioritering: Det avgrensa området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og innplantning av barskog inntil bergveggen.

107 Bjørlykkestranda

UTM:	LP 225 967
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D07 Kystlynghei
Utforming:	D0703 Fuktig lynghei, D0701 Tørr lynghei
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder:	Kavli (1970), 10.08.2005, Liv Nilsen (Moen et al. 2006), 26.10.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert på Kavli (1970), Moen et al. (2006) og eige feltarbeid 26.10.2007. Lokaliteten er eit større område med kystlynghei som ligg nedst mot sjøen i den over 3 km lange nordvendte fjellsida mellom Brandal og Bjørlykke (tilhørte tidlegare Sande kommune). Det er avgrensa eit større område enn i Moen et al. (2006) (dette fanst ikkje i Naturbase i skrivande stund). Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Fuktig kystlynghei på rasmak, med tørrare parti, og med innslag av mange oseaniske artar (mosar, lav, karplanter), dominert av røsslyng, men blokkebær er også viktig. Elles er det ein del storfrytle, fagerperikum og bregner. I nedre del langs vegen finst stadvis små areal med fuktig til frisk fattigeng (G1, G4).

Kulturpåverknad: Området vart i 2007 framleis beita av både sau og storfe, mest i austlege del. I nedkant går vegen mellom Åram og Koparnes, elles går det ei kraftline langs vegen. Eit større plantefelt ved vegen i vest er ikkje tatt med i avgrensinga. Av attgroingsteikn kan nemnast eit visst oppslag av smårogn i deler av heia. Lyngheia vert ikkje skjøtta utanom med beite. Røsslyngen er gammal og grov.

Artsfunn: Av planter funne i vest (JBJ 2007) kan nemnast blåkoll, fjellmarikåpe, hårsvæve, krattlodnegras, kystgrisøyre, lækjeveronika, raggtelg, smalkjempe, stjernesildre, storfrytle og tiriltunge. Moen et al. (2006) nemner i tillegg m.a. dvergjamne, enghumleblom, gulsildre, heistorr, loppestorr og tusenfryd. Fleire kravfulle, oseaniske artar går ned i denne kystlyngheia. I følgje Kavli (1970) finst heimose ned til 35 m o.h., hinnebregne, gullhårmose og dronningmose ned til 50 m, glanssåtemose, buktporelav og rund porelav ned til 60 m, prakttvibladmose ned til 75 m og raspljåmose ned til 90 m. Særleg interessant er gode førekomstar av prakttvibladmose.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei større lynghei som framleis er i delvis hevd med beiting, og der det finst mange kravfulle, oseaniske artar (same verdisetting som Moen et al. 2006).

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barskog.

108 Bjørlykkehornet

UTM:	LP 217 968
Hovudnaturtype:	Rasmak, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	Bjørlykke (1938), Kavlie (1970), Vidnes (2004), 26.10.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert på Bjørlykke (1938), Kavli (1970), Vidnes (2004) og eige feltarbeid 26.10.2007 (opp til 300 m ved LP 216 968).

Lokaliteten består av nordvendte kystberg og blokkmark som ligg i den over 3 km lange nordvendte fjellsida mellom Brandal og Bjørlykke (tilhørte tidlegare Sande kommune). Nedst ligg lyngheidominerte rasmærker avgrensa som eigen lokalitet (Bjørlykkestranda). Ovanfor denne går lyngheiene over i lokaliteten "Bjørlykkehornet" med knausar, berghyller, kløfter og svaberg, stadvis med småvaksen bjørkeskog som øvst går over i trelaus fjellhei opp mot sjølv fjelltoppen Bjørlykkehornet (707 m o.h.). Avgrensinga er grov og mangelfullt undersøkt. Dei fleste oseaniske moseartane er berre funne under 500 meter (Kavli 1970). Bjørlykke (1938) skildrar fleire førekomstar av olivin i lokaliteten. M.a. skriv han at det i 250 m høgde ca. 2 km vest for Koparnes finst tre mindre knausar i eit felt på 10x30 meter i eit område som lokalt kallast Flånå (namnet står ikkje på økonomisk kart). Vidare er det olivin på Sendeberget som ligg ca. 400 m o.h. midt mellom Koparnes og Brandal, og sist ein lokalitet han kallar Bjørlykkehornet som ligg 600 m o.h. med eksposisjon mot vest (truleg utanfor det her avgrensa området). Vidnes (2004) har avgrensa ein mindre lokalitet i aust (BN00012940 Bjørlykke) som no vert stroken og innlemma i denne storlokaliteten. Området ligg truleg delvis i sørboreal vegetasjonssone og går oppover mot fjellet gradvis over i alpine soner (men skiljet mellom sonene er her uklårt), og ligg dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg (F2), rasmærke, fuktig gras-urt-utforming (F1b) og etasjemose-utforming (F1c), dessutan noko bregneskog og høgstaudeskog med bjørk og rogn (C1b/C1c), samt grasdominert fattigskog, blåtopputforming (A7c) og lyngheier. I høgare deler (ikkje undersøkt) er det truleg ulike typar av meir alpin vegetasjon.

Kulturpåverknad: Det er liten påverknad i lokaliteten, men streifbeiting førekjem framleis, først og fremst av sau, men truleg og storfe.

Artsfunn: Av planter 26.10.2007 (JBJ) kan nemnast fjellmarikåpe, heistorr, krattlodnegras, kystmaigull, rabbesiv, stjernesildre og storfrytle. Kystmaigull har uvanleg store bestandar somme stader. Dessutan er hinnebregne funnen av Kavli (1970, 60-160 m o.h.) og Vidnes (2004, ved Kapellet). På olivinknausane i Flånå har Bjørlykke (1938) funne dvergjamne, fagerperikum, fjellarve, fjellsmelle, fjellsyre, fjelltimotei, grønburkne, gulsildre, hengjeaks, kvitmjølke, liljekonvall, loppestorr, markfrytle, rabbesiv, raudsildre, storblåfjør, svartstorr og trillingsiv. Ved Sendeberget (olivinknaus, 400 m) fann han fjellsmelle, fjelltistel, grønburkne, heistorr, hengjeaks, kystmaure, loppestorr, storblåfjør og svarttopp. Av mosar vart det funne (JBJ 2007) m.a. feittmose *Aneura pinguis*, rødmesigmose *Blindia acuta*, gullhårmose *Breutelia chrysocoma* (store bestandar), tobladblonde *Chiloscyphus coadunatus*, kjeldegroftmose *Dicranella palustris*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, dronningmose *Hookeria lucens*, mattehutmose *Marsupella emarginata*, flikvårmose *Pellia epiphylla* og spriketormose *Sphagnum squarrosum*. Kavlie (1970) nemner frå dette området dessutan lavartane rund porelav *Sticta fuliginosa* og buktporelav *Sticta silvatica* (begge 60-112 m o.h.), og moseartane heimose *Anastrepta orcadensis* (35-540 m), vengjemose *Douinia ovata*, fjørsaftmose *Riccardia multifida*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (75-505 m), kysttvibladmose *Scapania gracilis*, glanssåtemose *Campylopus schwarzii* (60-340 m), pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, raspljåmose *Dicranodontium asperulum* (90-470 m) og fleinljåmose *Dicranodontium nudatum*. Gullhårmose og dronningmose går til 460 m o.h. ifølgje Bjørlykke. Artar som hinnebregne, kystmaigull, prakttvibladmose, ljåmosane, kysttvibladmose, gullhårmose og dronningmose er typiske indikatorartar for denne typen fuktige, skuggefulle, nordvende kystlokalitetar. Av dei oseaniske mosane er berre heimose og prakttvibladmose funne over 500 m o.h.

Prioritering: Området får under tvil verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein stor og velutvikla lokalitet med eit godt artsutval og store bestandar av oseaniske artar. Det er stor spennvidde både i høgdelag, utstrekning og topografisk og geologisk variasjon (m.a. fleire olivinførekomstar). Tvilen skuldast at det til no ikkje er funne raudlisteartar. Potensialet for fleire kravfulle oseaniske artar synest likevel å vera stort. Betre undersøkingar av lokaliteten er ønskjeleg.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og planting av barskog i lokaliteten.

109 Brandal: Heia

UTM: LP 207 970
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D07 Kystlynghei
Utforming: D0703 Fuktig lynghei, D0701 Tørr lynghei
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder: 17.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 29.01.2008 basert på eige feltarbeid 17.09.2007. Lokaliteten er ei kystlynghei som ligg i ei bratt, vest-nordvestvendt fjellside opp mot fjellkollen Heia (472 m o.h.) like sør for busetnaden på Sør-Brandal (tilhørte tidlegare Sande kommune). Området strekkjer seg truleg frå boreonemoral til alpin vegetasjonssone (men skiljet mellom sonene er her uklårt) og dessutan sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Ein god del tørr kystlynghei (veldrenert rasmark), men i mosaikk med fuktigare parti, med innslag av mange oseaniske artar. I botnen var det mykje heigråmose og dels torvmosar.

Kulturpåverknad: Liten påverknad utover tradisjonell lyngheidrift, men beitinga ser ut til å vera på sterk retur og lokaliteten er i attgroing. Røsslyngen er gammal og grov.

Artsfunn: Av planter kan nemnast heisiv, heistorr, hundekvein, klokkelyng, kornstorr og storfrytle. Av mosar vart det funne m.a. gullhårmosen *Breutelia chrysocoma*.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei større lynghei som framleis er open og i hovudsak trelaus, men som likevel er i attgroing.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barskog.

110 Brandalsbrunane, Selhamrane

UTM: LP 200 957
Hovudnaturtype: Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype: B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming: B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 17.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 29.01.2008 basert på eige feltarbeid 17.09.2007. Lokaliteten består av nordvendte knausar, svaberg, berghyller og glissen, småvaksen bjørkeskog på nordsida av Brandalsbrunane, som ligg sør for Brandal (tilhørte tidlegare Sande kommune). Området ligg i overgangen mellom boreale og alpine vegetasjonssoner (men skiljet mellom sonene er her uklårt), og dessutan sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg (F2), rasmark, fuktig gras-urt-utforming (F1b) og etasjemose-utforming (F1c), dessutan noko bregneskog og høgstaudeskog med bjørk og rogn (C1b/C1c), samt grasdominert fattigskog, blåtopputforming (A7c).

Kulturpåverknad: Liten kulturpåverknad, det har tradisjonelt vore beita.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, enghumbleblom, fjellmarikåpe, fjellsyre, fjelltistel, grønstorr, gulsildre, gulstorr, heisiv, heistorr, kornstorr, kvitbladtistel, loppestorr,

rabbesiv, raudsildre, rosenrot, skogfiol, småengkall, stjernesildre, storfrytle og tågebær. Av mosar vart det funne m.a. heimose *Anastrepta orcadensis*, skortejuvmose *Anoetangium aestivum*, småstylte *Bazzania tricrenata*, piggtrådmose *Blepharostoma trichophyllum*, kammose *Ctenidium molluscum*, fleinljåmose *Dicranodontium denudatum*, dronningmose *Hookeria lucens*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, grannkrekkmose *Lepidozia pearsonii*, kysttornemose *Mnium hornum*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, prakthinnemose *Plagiochila asplenioides*, kystjammemose *Plagiothecium undulatum*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* og spriketormose *Sphagnum squarrosum*. Mange av desse er oseaniske artar og særleg utbreidd i nordvende, skuggefulle lokalitetar som denne. Særleg interessant var prakttvibladmosen (posisjon LP 2007 9564).

Prioritering: Det avgrensa området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av bartre i lokaliteten.

111 Brudevik

UTM:	LP 142 915
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	25.10.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 29.01.2008 basert på eige feltarbeid 25.10.2007. Lokaliteten består av nordvendte kystberg og blokkmark og ligg ved Brudevik vest for Fiskå, i eit hovudsakeleg vestvendt fjellparti ut mot Stadlandet. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg (F2) med ein god del gullhårmose, rasmark, fuktig grasurt-utforming (F1b) og etasjemose-utforming (F1c), dessutan noko bregneskog og høgstaudeskog med bjørk og rogn (C1b/C1c), samt litt røsslyngdominert bjørkeskog (A3). I aust (ved LP 1437 9158) går lokaliteten over i småvaksen, vestvendt lauvskog med bjørk og hassel, vivindel, sanikel, lundrapp, kusymre og jordnøtt (meir solpåverka og tørkeutsett, ikkje avgrensa).

Kulturpåverknad: Platanlønn er vurdert til "høg risiko" i den norske svartelista (Gederaas et al. 2007), noko som tyder at arten kan gjera skadar på naturlege økossystem om han får spreia seg uhemma.

Artsfunn: Av planter kan nemnast bergfrue, blankburkne, blåklokke, blåknapp, blåstorr, bustnype, enghumleblom, fagerperikum, grønstorr, gulsildre, heistorr, klokkelyng, knegras, kornstorr, kusymre, kvitbladtistel, loppestorr, raggtelg, rosenrot, skogfiol, skogsvinerot, storfrytle og svartburkne. Av mosar vart det funne m.a. bergpolstermose *Amphidium mougeotii*, stivkulemose *Bartramia ithyphylla*, rødmesigmose *Blindia acuta*, gullhårmose *Breutelia chrysocoma*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, kammose *Ctenidium molluscum*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, *Fissidens sp.*, dronningmose *Hookeria lucens*, musehalemose *Isoetecium myosuroides*, kysttornemose *Mnium hornum* og spriketormose *Sphagnum squarrosum*. Ein reknar med at lokaliteten har potensiale for fleire interessante oseaniske lav og mosar.

Prioritering: Det avgrensa området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barskog inntil bergveggene.

112 Børholmen

UTM:	LP 168 823
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D07 Kystlynghei
Utforming:	D0703 Fuktig lynghei, D0701 Tørr lynghei
Verdi:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	18.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 25.01.2008 basert på eige feltarbeid 18.09.2007. Lokaliteten er ein holme med kystlynghei som ligg i fjorden inn mot Kjøddepollen lengst sørvest i kommunen. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonssesksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Fuktig til middels tørr kystlynghei, og m.a. noko einstape. Heia er open og mest utan tre, men såvidt nokre små furutre, rogn, bjørk og einer. Det er og små strandenger og strandberg.

Kulturpåverknad: Holmen har vore beita av verar fram til rundt 2002. Det finst gravhaugar (kjelde: Asbjørn Bakkebø). Det finst nokre små planta sitkagraner som er ein framand (innført) art.

Artsfunn: Det er ikkje teke planteliste. Av planter sett med teleskop kan nemnast storfrytle og øyrevier. Det hekkar måse og 3-4 par grågås (kjelde: Asbjørn Bakkebø).

Prioritering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei lynghei som har vore hevda relativt nyleg og i hovudsak er intakt, men som likevel kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B pga. storleik.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barskog. Sitkagran er ein framand (innført) art som bør fjernast.

113 Hammaren

UTM:	LP 144 960
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0401 Fuktig fattigeng
Verdi:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	21.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 25.01.2008 basert på eige feltarbeid 21.09.2007. Lokaliteten er ei fuktig naturbeitemark i eit stort lyngheimråde og ligg like ved garden Hammaren i Sandvika (tilhøyrt tidlegare Sande kommune). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonssesksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Lokaliteten er dominert av fuktig fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Tidlegare beita, men verka å vera i noko attgroing ved besøket. Lokaliteten er inngjerda.

Artsfunn: Av planter kan nemnast heisiv, heistorr, klokkelyng, smørtelg og storfrytle. Av sopp vart det m.a. funne gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, kantarellvokssopp *Hygrocybe cantharellus*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*.

Prioritering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei relativt lita og artsfattig naturbeitemark som kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, fysiske inngrep og innplanting av barskog.

114 Koparnes

UTM: LP 248-249 976
Hovudnaturtype: Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype: B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming: B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 29.09.2005, 17.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 25.01.2008 basert på eige feltarbeid 29.09.2005 og 17.09.2007. Lokaliteten består av nordvendte kystberg og blokkmark som ligg i ei lita nordvendt "gryte" på vestsida av Koparnes og like aust for Bjørlykke-gardane (ligg like ved den tidlegare grensa til Sande kommune, men har tilhørt Vanylven). Området ligg truleg i sørboreal vegetasjonssone og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg (F2), rasmark, etasjemose-utforming (F1c), dessutan noko bregneskog med bjørk og rogn (C1b). I skogbotnen var det særleg mykje skogburkne og storfrytle.

Kulturpåverknad: I nedkant grensar lokaliteten til vegen. Elles spor etter litt vedhogst.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, fagerperikum, fjellmarikåpe, jordnøtt, krattlodnegras, skogfiol, smyle, storfrytle, turt og vivendel. Av lav vart det funne rund porelav *Sticta fuliginosa* på tre (LP 2486 9760), dette er ein kravfull art i lungeneversamfunnet. Av mosar vart det funne m.a. eplekulemose *Bartramia pomiformis*, gullhårrose *Breutelia chrysocoma*, vengemose *Douinia ovata*, dronningmose *Hookeria lucens*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, musehalemose *Isothecium myosuroides*, kysttornemose *Mnium hornum*, prakthinnemose *Plagiochila asplenioides*, kysttvibladmose *Scapania gracilis* og fjordtvibladmose *Scapania nemorea*. Mange av desse er oseaniske artar og særleg utbreidd i nordvende, skuggefulle lokalitetar som denne.

Prioritering: Det avgrensa området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barskog inntil bergveggene.

115 Krabbesti

UTM: LP 200 982
Hovudnaturtype: Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype: B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming: B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: Kavli (1970), 26.10.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert hovudsakeleg på eige feltarbeid 26.10.2007, i området LP 199 982-201 982. Lokaliteten består av nordvendte kystberg og blokkmark med noko lauvskog, og ligg mellom Åram og Sør-Brandal (tilhørte tidlegare Sande kommune). Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg (F2), dessutan noko bregneskog med bjørk og rogn (C1b), og ein god del storfrytledominert mark.

Kulturpåverknad: Det er planta gran somme stader, mest i tilgrensande område i nedkant og ikkje særleg mykje i den avgrensa lokaliteten. Kraftline i nedkant.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, engfiol, enghumleblom, fjellmarikåpe, raggtelg, revebjølle og skogsvinerot. Av mosar vart det funne m.a. bergpolstermose *Amphidium mougeotii*, fettmose *Aneura pinguis*, skortejuvmose *Anoetangium aestivum*, eplekulemose *Bartramia pomiformis*, gullhårnase *Breutelia chrysocoma*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, dronningmose *Hookeria lucens*, musehalemose *Isothecium myosuroides*, mattehutmose *Marsupella emarginata*, kysttornemose *Mnium hornum*, flikvårnase *Pellia epiphylla* og kystjammemose *Plagiothecium undulatum*. Det var ganske mykje gullhårnase og dronningmose. Kavli (1970) skriv om funn av hinnebregne i området.

Prioritering: Det avgrensa området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barskog inntil bergveggene.

116 Rovde: Nytun

UTM: LP 315 975
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D04 Naturbeitemark
Utforming: D0404 Frisk fattigeng
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep, gjødsling
Undersøkt/kjelder: 20.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert på eige feltarbeid 20.09.2007. Lokaliteten ligg på garden Nytun øvst i Rovdebygda og er ei fuktig naturbeitemark ovom husa med litt einer. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av frisk fattigeng (G4) med ein del tjukke bjørnemosetover og noko torvmosar i botnen. Mykje blåknapp kan tyda på tidlegare slått. I øverkant går lokaliteten over i hei.

Kulturpåverknad: Lokaliteten var beita av sau, men relativt svakt ved besøket.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåknapp, blåkoll, bråtestorr, enghumleblom, fagerperikum, hanekam, heisiv, heistorr, kornstorr, nyresoleie, smalkjempe og vårmarihand. Av sopp vart det m.a. funne grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina* og kritt vokssopp *Hygrocybe virginea*.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla og middels artsrik naturbeitemark med nokre indikatorartar, men ingen raudlisteartar. Ein reknar likevel med at det er potensiale for raudlisteartar.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

117 Rovde: sør for Åsen

UTM: LP 310 975
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D04 Naturbeitemark
Utforming: D0401 Fuktig fattigeng
Verdi: B (viktig)

Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep, gjødsling
Undersøkt/kjelder: 20.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 28.01.2008 basert på eige feltarbeid 20.09.2007. Lokaliteten ligg ved nyvegen litt oppe i Rovdebygda og er ei fuktig naturbeitemark. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Vegetasjonen er dominert av fuktig fattigeng (G1) med ein del torvmosar i botnen, det var og ein del einerbusker. Det var og noko engkransmose og bjørnemosar.

Kulturpåverknad: Området er inngjerda og ligg ved nyvegen opp bygda. Lokaliteten var svakt beita av sau og kan ha vore svakt gjødsla.

Artsfunn: Av planter kan nemnast heisiv og tepperot. Av sopp vart det m.a. funne bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, honningvokssopp *Hygrocybe reidiik* og **gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina*** (VU på raudlista). Sistnemnde er ein særleg interessant soppart sidan han har vist seg å vera sterkt oseanisk og finst i Noreg berre langs kysten av Vestlandet.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei lita og relativt artsfattig naturbeitemark, men som likevel har ein raudlisteart i kategori VU.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, fysiske inngrep og innplanting av barskog.

118 Sandnesdalen: Gullivatnet-Gullibrunene

UTM: LP 233 932
Hovudnaturtype: Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype: B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming: B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 25.10.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 01.02.2008 basert på eige feltarbeid 25.10.2007. Lokaliteten ligg øvst i Sandnesdalen ved Eidså, og består av nordvendte berg, blokkmarker, myr, lyngheiar og skog på sørsida av Gullivatnet (Sandnesvatnet), i høgdelaget 360-460 m o.h. Området ligg i overgangen mellom boreale og alpine vegetasjonssoner (uklære grenser i dette området), og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg (F2), bregneskog med bjørk og rogn (C1b), samt grasdominert fattigskog, blåtopputforming (A7c).

Kulturpåverknad: Kulturpåverknaden i lokaliteten er liten, men området har vore beita. I nedkant av lokaliteten var det fleire hytter ved Gullivatnet.

Artsfunn: Av planter kan nemnast bjørnebrodd, dvergjamne, fjelljamne, grønstorr, heisiv, heistorr, hestespreng, hundekvein, klokkelyng, kystmaure og storfrytle. Av mosar vart det funne m.a. bergpolstermose *Amphidium mougeotii*, heimose *Anastrepta orcadensis*, tråddraugmose *Anastrophyllum minutum*, kystsotmose *Andreaea alpina*, fettmose *Aneura pinguis*, ryemose *Antitrichia curtipendula* (på rogn), eplekulemose *Bartramia pomiformis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, piggrådsmose *Blepharostoma trichophyllum*, gullhårsmose *Breutelia chrysocoma*, *Calypogeia sp.*, tobladblonde *Chiloscyphus coadunatus*, fleinljåmose *Dicranodontium denudatum*, stripefoldmose *Diplophyllum albicans*, vengemose *Douinia ovata*, dronningmose *Hookeria lucens*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, grannkrekkmose *Lepidozia pearsonii*, kysttornemose *Mnium hornum*,

raudmuslingmose *Mylia taylorii*, flikvårmose *Pellia epiphylla*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*, sagtvibladmose *Scapania umbrosa* og blodnøkkemose *Warnstorfia sarmentosa*. Mange av desse er oseaniske artar og særleg utbreidd i nordvende, skuggefulle lokalitetar som denne, og særleg interessant var fleire førekomstar av prakttvibladmosen (posisjonar LP 2394 9320, 369 m, LP 2334 9306, 440 m, LP 2329 9307, 445 m, LP 2324 9308, 453 m, LP 2315 9313, 453 m). Av sopp vart det m.a. funne gulgrøn lærhatt *Panellus serotinus* på ei morken bjørkelåg.

Prioritering: Det avgrensa området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barskog.

119 Sandvikdalen

UTM: LP 170 970
Hovudnaturtype: Kulturlandskap, myr
Naturtype: D07 Kystlynghei, A08 Kystmyr
Utforming: D0703 Fuktig lynghei, D0701 Tørr lynghei
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 10.08.2005, Liv Nilsen (Moen et al. 2006), 21.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 01.02.2008 basert på Moen et al. (2006) og eige feltarbeid 21.09.2007. Lokaliteten er eit stort kystlyngheiområde - truleg det største i kommunen - som strekkjer seg frå Sandvika og Hammaren i vest, austover på nordsida av Sandvikvatnet og vidare mot vegen frå Sør-Brandal til Børvatnet. Avgrensa område er vesentleg større enn hos Moen et al. (2006) (fanst ikkje i Naturbase i skrivande stund). Området ligg strekkjer seg truleg frå boreonemoral vegetasjonssone opp i alpine soner (dårleg skild i dette området), og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Fuktig kystlynghei med tørrare parti, og innslag av fattige myrer. Moen et al. (2006) nemner og terrengdekkjande myr. Det er ein del einer og øyrevier i heia. Fukthei dominerer, med m.a. bjønnekam. Det er og noko grashei med blåtopp. Spreidd småbjørk.

Kulturpåverknad: Den tradisjonelle beitebruken er no svak, og heiane er i attgroing. Røsslyngen er gammal og grov og har høg dekning (80%). Nokre mindre felt med innplanta bartre. Vestafor lokaliteten mot Sandvika var det eit felt med dyrka mark, og dessutan utbygging av hyttefelt.

Artsfunn: Av planter kan nemnast bjørnebrodd, heisiv, heistorr, kløkkelyng, storfrytle ved Hammaren, og blåknapp, dvergbjørk, fjelljamne, heisiv, kløkkelyng og smørtelg ved Brandal. Moen et al. (2006) nemner i tillegg (nord for Sandvikvatnet) m.a. fagerperikum, kystmyrklegg, rypebær og dessutan den sjeldne arten spissiv (*Juncus acutiflorus*).

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er eit stort lyngheiområde som framleis er ope og i hovudsak trelaust, men som likevel er i attgroing (same verdi som Moen et al. 2006).

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein eller annan stad i kommunen burde ein ta vare på lynghei med tradisjonell drift med sviing. Dette er eit av alternativa. Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barskog.

120 Syltedalen: Botnen-Ausa

UTM: LP 242 828
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D07 Kystlynghei
Utforming: D0703 Fuktig lynghei, D0701 Tørr lynghei

Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder: 19.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 01.02.2008 basert på eige feltarbeid 19.09.2007. Lokaliteten er eit større kystlyngheiområde som ligg i Syltedalen, frå Myklebustgardane og vestover mot Nonshornet, Syltehornet og Ausa. Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Fuktig kystlynghei med tørrare parti. I tillegg til dominerande kystlynghei (>90%) er det kanskje 5% myr i lokaliteten.

Kulturpåverknad: Relativt liten påverknad ut over tradisjonell beitebruk, men denne er no i ferd med å opphøyra. Røsslyngen er delvis gammal og grov.

Artsfunn: Av planter kan nemnast bleikstorr, blåknapp, blåkoll, fjellaugnetrøst, heistorr, klokkeling, knegras, kornstorr, smalkjempe og svartopp. Av mosar vart det funne m.a. gullhårrose *Breutelia chrysocoma*, som er ein sørleg og oseanisk art.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei større lynghei som framleis er open og i hovudsak trelaus, men som likevel er i attgroing.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barskog.

121 Syltedalen austside

UTM: LP 249 834
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D07 Kystlynghei (70%), D04 naturbeitemark (30%)
Utforming: D0703 Fuktig lynghei, D0701 Tørr lynghei, D0401 Fuktig fattigeng
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder: 20.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 01.02.2008 basert på eige feltarbeid 20.09.2007. Lokaliteten ligg midt i Syltedalen, på austsida av dalen i ei bratt, vestvendt fjellside. Nedst mot gardane er det beitemarker, dels med karakter av naturbeitemark, ovafor er det røsslyngdominerte rasmarker. Området ligg i sør- til mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Rasmarskprega kystlynghei med innslag av frisk til fuktig fattigeng (G1, G4) særleg nærast gardane. I den grasdominerte vegetasjonen var det mykje kystmaure.

Kulturpåverknad: Her har vore geit til ca. 2002, no beitar det sau. Nedre deler mot gardane har vore litt gjødsling (kjelde: John Myklebust). Noko dårleg beitetrykk i 2006. Det vart sett seks styva seljer i ei gruppe midt oppe i ura. Røsslyngen er middels stor, og det er oppslag av einer. Eineren har truleg vore halden noko nede av geit.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåklokke, heisiv, heistorr, knegras, kornstorr, krattlodnegras, kystmaure, smalkjempe og storfrytle.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei større lynghei som framleis er open og i hovudsak trelaus, og som dessutan vert noko beita.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, fysiske inngrep og innplanting av barskog.

122 Syltedalen: Nonshornurene

UTM: LP 242 823

Hovudnaturtype: Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype: B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming: B0402 Sørleg, oseanisk utforming
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 19.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 01.02.2008 basert på eige feltarbeid 19.09.2007. Lokaliteten består av nordvendte kystberg og blokkmark (steinurer) på nordsida av Nonshornet øvst i Syltedalen. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg (F2), rasmark, fuktig gras-urt-utforming (F1b) og etasjemose-utforming (F1c), bregneskog og høgstaudeskog med bjørk og rogn (C1b/C1c).

Kulturpåverknad: Utanom svak beiting synest kulturpåverknaden å vera liten.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåknapp, dvergjamne, enghumbleblom, fjellmarikåpe, fjelltistel, grønstorr, kvitbladtistel, loppestorr, rabbesiv, raggtelg, rosenrot, trollurt og turt. Av mosar vart det funne m.a. heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, gullhårsmose *Breutelia chrysocoma*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, fleinljåmose *Dicranodontium denudatum*, vengemose *Douinia ovata*, dronningmose *Hookeria lucens*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum*, grannkrekemose *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingmose *Mylia taylorii* og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*. Mange av desse er oseaniske artar og særleg utbreidd i nordvende, skuggefulle lokalitetar som denne. Ein av dei mest interessante var prakttvibladmosen (LP 2415 8222, 270 m, LP 2424 8229, 190 m og LP 2429 8233, 170 m).

Prioritering: Det avgrensa området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barskog inntil bergveggen.

123 Syltedalen: Skoraelva

UTM: LP 244 822
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark
Naturtype: E06 Viktig bekkedrag
Utforming: E0606 Bekk på kalkgrunn
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, kraftutbygging
Undersøkt/kjelder: 25.07.2003 MV (Vidnes 2004), 19.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 01.02.2008 basert på Vidnes (2004) og eige feltarbeid 19.09.2007. Lokaliteten ligg inst i Syltedalen og er ei lita elv som kjem frå myrane sør for Nonshornet. I dette området er det ein del olivin, og det er avgrensa ein annan naturtypelokalitet (BN00012916 Raudesanden) på fjellet. Denne omfattar øvre del av Skoraelva. Her vil ein føreslå at Skoraelva blir ein eigen lokalitet med viktig bekkedrag (bekk på kalkgrunn) som går heilt ned til ca. 130 m o.h., og at grensa for lokaliteten Raudehaugen vert trekt litt lenger opp mot fjellet. Elva renn delvis i olivingrunn, og har ein del kalkkrevande planter. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Vegetasjonen langs bekkene var moserik og med ein del fuktkrevande og basekrevande urter, eit slags engsamfunn som nok har vore meir beita tidlegare.

Kulturpåverknad: Utanom litt merke etter beiting var det lite kulturpåverknad. Området var i 2007 beita av sau og storfe. Den omgjevande lynchgeia er i gradvis attgroing, men er framleis i hovudsak trelaus.

Artsfunn: Av planter kan nemnast bleikstorr, blåklokke, dvergjamne, enghumleblom, fjellsyre, fjelltistel, gulsildre, kattefot, kornstorr, kystmaure, loppestorr, raudsildre, skogfiol, småengkall og taggbregne. Litt lenger opp mot fjellet (i lokaliteten Raudehaugen) nemner Vidnes (2004) også den raudlista brunburkna, men denne arten er truleg ikkje påvist langs Skoraelva. Vidnes nemner i øvre del av elva elles fjellsmelle og svarttopp. Av mosar vart det funne m.a. skortejuvmose *Anoetangium aestivum*, småstylte *Bazzania tricrenata*, gullhårmose *Breutelia chrysocoma*, kammose *Ctenidium molluscum* og dronningmose *Hookeria lucens*. Særleg gullhårmose og dronningmose er knytt til fuktig, kystnært klima, og trivst særleg godt langs det fuktige bekkefaret.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein intakt og artsrik bekk på kalkgrunn i kulturlandskap, som står i samband med den tilgrensande A-lokaliteten Raudehaugen (der det veks brunburkne), han har ein del artar knytt til høg pH, og dessutan eit godt utval oseaniske artar. Lokaliteten har dessutan potensiale som veksestad for brunburkne. Denne typen bekk på olivingrunn er svært sjeldan i Noreg.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep og innplanting av barskog inntil bekken.

124 Syltedalen: Årstøylen

UTM: LP246 825
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D04 Naturbeitemark
Utforming: D0404 Frisk fattigeng
Verdi: C (lokalt viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep, gjødsling
Undersøkt/kjelder: 19.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 01.02.2008 basert på eige feltarbeid 19.09.2007. Lokaliteten ligg i indre del av Syltedalen, og er eit ope beiteområde omkransa av kystlynghei. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) dominerer, dessutan er det ein del einer og litt blåbærvegetasjon i kantane.

Kulturpåverknad: Dette er truleg eit beite med lang kontinuitet, men det verka litt gjødsla. Området var i 2007 beita av sau og storfe. Her har truleg vore sommarfjøs (restar av murar).

Artsfunn: Av planter kan nemnast heisiv, heistorr, knegras og kystmaure. Av sopp vart det m.a. funne gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana* og seig vokssopp *Hygrocybe laeta*.

Prioritering: Det avgrensa området får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ein liten og relativt artsfattig lokalitet som truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, fysiske inngrep og innplanting av barskog.

125 Syvdsliene: Gamlesetra

UTM: LP 270 822
Hovudnaturtype: Myr
Naturtype: A08 Kystmyr
Utforming: A0802 Atlantisk høgmyr
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 20.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 01.02.2008 basert på eige feltarbeid 20.09.2006. Lokaliteten er ei større kystmyr som ligg nær Gamlesetra ved Syvdsliene rett sør for Sjørdalen i Syvde, på rundt 280 meters høgd, og rett aust for Kilebrekkvatnet. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Ombrotrof tuvemyr (J2c) dominerer.

Kulturpåverknad: Truleg liten påverknad i nyare tid. Kanskje torvtekt i eldre tid. Det beiter storfe og sau i området.

Artsfunn: Av planter kan nemnast grønstorr, heisiv, klokkelyng og kornstorr.

Prioritering: Det avgrensa området får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein lokalitet dominert av høgmyr.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, særleg slike som påverkar dei hydrologiske tilhøva i myra.

126 Syvdsliene: Krokane

UTM:	LP 269 819
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0401 Fuktig fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	20.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 01.02.2008 basert på eige feltarbeid 20.09.2006. Lokaliteten er ei lita naturbeitemark som ligg nær Gamlesetra ved Syvdsliene rett sør for Sjørdalen i Syvde, på rundt 280 meters høgd, og rett aust for Kilebrekkvatnet, inntil kystmyr-lokaliteten Gamlesetra. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Fuktig fattigeng (G1) dominerer med ein del finnskjegg, det er innslag av/overgangar mot frisk fattigeng (G4). Elles er det spreidd einer.

Kulturpåverknad: Beita av storfe og sau. Kan ha vore gjødsla. Eit steingjerde ligg i kanten.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåklokke, blåkoll, heisiv, kystmaure og mannasøtgras. Av sopp vart det m.a. funne striperaudskivesopp *Entoloma juncinum*, trolljordtunge *Geoglossum simile* (NT på raudlista) og gjødselringsopp *Panaeolus semiovatus*.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei mindre naturbeitemark som likevel har ein skilde interessante indikatorartar og ein raudlisteart.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, fysiske inngrep og innplantning av barskog.

127 Sjørdalen: Breiskreda

UTM:	LP 280 858
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark (beita rasenger)
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing
Undersøkt/kjelder:	19.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 01.02.2008 basert på eige feltarbeid 19.09.2007. Lokaliteten ligg på vestsida av Sjørdalsvatnet i Syvde. Breiskreda er eit stort, bratt rasmarksområde, som dels er ope og trefattig, og dels litt kledd med små skogkrullar. Særleg nedre deler er nokså steinet og uret. Området ligg truleg mest i mellomboreal vegetasjonssone og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Rasmark, fuktig gras-urt-utforming (F1b) i alle overgangar mot frisk fattigeng (G4), røsslynghei eller blåbærvegetasjon, i botnen gjerne med engkransmose, etasjemose eller bjørnemosar, dessutan mykje lågvaksen einer, litt bregneskog med bjørk og høgstaudeskog med gråor, bjørk, selje og rogn (C1b/C1c).

Kulturpåverknad: Lokaliteten har truleg lang beitekontinuitet, og vart framleis beita av sau og storfe. Det er ein driftsveg i nedkant og einskilde vegstubbar litt oppover i rasmarkene, elles liten kulturpåverknad. Det går ein geil frå næraste garden opp til rasmarka. Platanlønn er vurdert til "høg risiko" i den norske svartelista (Gederaas et al. 2007), noko som tyder at arten kan gjera store skadar på naturlege økosystem om han får spreia seg uhemma.

Artsfunn: Av planter kan nemnast aurikkelsvæve, bergmjølke, blåklokke, blåknapp, blåkoll, blårapp, engfiol, enghumleblom, fjellaugnetrøst, fjellmarikåpe, hestespreng, hårsvæve, krattlodnegras, lækjeveronika, markjordbær, raggtelg, rosenrot, skogsvinerot, smalkjempe, småsmelle, stankstorkenebb og tirlunge. Av sopp vart det m.a. funne raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*, skjør vokssopp *Hygrocybe ceracea*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*, honningvokssopp *Hygrocybe reidii*, **raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima*** (NT på raudlista, LP 2803 8586) og kolmjølkehetta *Mycena leucogala*.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er eit stort område med raspåverka naturbeitemark som har hatt lang kontinuitet, er middels artsrikt og framleis i brukbar hevd med beiting, og der det dessutan vart funne ein raudlistart.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga slik at området ikkje gror att.

128 Åheim: Tusshornet-Veradalen

UTM:	LP 180 810
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D07 Kystlynghei
Utforming:	D0703 Fuktig lynghei, D0701 Tørr lynghei
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	18.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 04.02.2008 basert på eige feltarbeid 18.09.2007. Lokaliteten er ei større kystlynghei som ligg rett sør for Åheim på vestsida av riksveg 61, frå Vaulvatnet og Sætrefjellet i sør, Veradalen i aust og nordvestover til Tusshornet. Området ligg i sør- til mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Fuktig kystlynghei med tørrare parti, med innslag av fattige bakkemyrer og mange oseaniske artar. Litt spreidd småbjørk. Med kikkert er det og sett myrmar som kan ha terrengdekkjande element.

Kulturpåverknad: Liten påverknad utanom streifbeiting av sau, men og litt storfe i lågare deler. Røsslyngen er gammal og grov. Det finst sitkagranplantingar i området, men lite innanfor det avgrensa området.

Artsfunn: Av planter kan nemnast dvergjamne, fjelljamne, fjellmarikåpe, greplyng, grønstorr, heiblåfjør, heisiv, heistorr, hundekvein, knegras, krattlodnegras, kystmaure, kystmyrklegg, mjølkbær, musøyre, rypebær, sitkagran, stivstorr og storfrytle. Av mosar vart det funne m.a.

heimose *Anastrepta orcadensis*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, gullhårmoser *Breutelia chrysocoma*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, grannkrekmose *Lepidozia pearsonii*, kysttornemose *Mnium hornum*, raudmuslingmose *Mylia taylorii* og prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*. Mange av desse er oseaniske artar og særleg utbreidd i nordvende, skuggefulle lokalitetar som denne. Særleg interessant var prakttvibladmosen (posisjon LP 1800 8040, 330 m).

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei større lynghei som framleis er open og i hovudsak trelaus, men som likevel er i sakte attgroing, og med fleire kravfulle, oseaniske moseartar.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå fysiske inngrep og innplantning av barskog.

129 Åram: Sætrevik

UTM: LQ 164 005
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D07 Kystlynghei
Utforming: D0703 Fuktig lynghei, D0701 Tørr lynghei
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep, skogplanting
Undersøkt/kjelder: 21.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 04.02.2008 basert på eige feltarbeid 21.09.2006. Lokaliteten er ei større kystlynghei som strekkjer seg frå Åram og sørvestover langs vegen og opp mot Nystølhornet og Kroksethornet. Her grensar kystlyngheia til nordvendte kystberg og blokkmark (lok. BN00012944 Nystølhornet). Lokaliteten låg tidlegare i Sande kommune. Området ligg truleg hovudsakeleg i boreonemoral vegetasjonssone, og i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon - i overgangen mellom, humid underseksjon (O3h) og vintermild underseksjon (O3t).

Vegetasjon: Fuktig kystlynghei med tørrare parti, med innslag av mange oseaniske artar. Røssløyngen er i moden fase, stort sett ganske gammal og grov.

Kulturpåverknad: Lokaliteten er intakt med få inngrep, og lite tre, men også lite beiting. Ned mot vegen, utanfor lokaliteten, ligg busetnad, masseuttak og sitkagranplantingar.

Artsfunn: Av planter kan nemnast heisiv, heistorr og kornstorr. Elles vart den oseaniske gullhårmosen funnen spreidd på marka i lyngheia.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei større lynghei som framleis er open og i hovudsak trelaus, men som likevel er i attgroing.

Omsyn og skjøtsel: Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå gjødsling, fysiske inngrep og innplantning av barskog.

130 Eide: Røstenakken

UTM: LP 226 911
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Utforming: F0103 Rikt hasselkratt
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: 04.09.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av Dag Holtan 15.01.2008 basert på eige feltarbeid 04.09.2007. Lokaliteten er ein rik edellauvskog som ligg i den sørreksponte lia under Røstenakken eit par

kilometer aust for Fiskå. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonssesksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Vanlegast er småbregneskog og blåbærskog, fleire stader med gradvise overgangar mot svakt utvikla lågurtsamfunn. Bjørk og hassel er vanlegaste treslag, med innslag av gråorheggeskog og meir spreidd osp, selje, rogn og alm.

Kulturpåverknad: Bortsett frå gran og sitkagran, som står planta inntil lokaliteten på sørsida, er det klart at området har vore viktig til beiting tidlegare. Dette kan ein sjå gjennom store førekomstar med krattlodnegras og sølvbunke, samstundes som plantelivet er noko utarma i forhold til det som er vanleg der det ikkje har vore beita. Samstundes er ein innført art som platanlønn i spreiding. Platanlønn er vurdert til "høg risiko" i den norske svartelista (Gederaas et al. 2007), noko som tyder at arten kan gjera store skadar på naturlege økosystem om han får spreia seg uhemma. Sitkagran har liknande eigenskapar.

Artsfunn: Av planter kan nemnast **alm** (NT på raudlista), blåkoll, hassel, hengjeaks, kratthumleblom, krattlodnegras, markjordbær, skogfiol, skogsalat, trollurt og vivendel. Av sopp vart det m.a. funne gulnande begersopp *Peziza succosa*, karminslørsopp *Cortinarius anthracinus*, kokskremle ***Russula anthracina*** (NT på raudlista), *Russula raoultii* og raud åmeklubbe *Cordyceps militaris*. *Russula raoultii* (bestemt av Perry Larsen, Skodje) er nasjonalt sett svært uvanleg.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein rik edellauvskog, ein stor lokalitet med etter måten mykje gammal hasselskog, men med sterk kulturpåverknad i nyare tid. Nærmare undersøkingar av t.d. soppfloraen kan styrke verdien.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området. Framande treslag (sitkagran, platanlønn) bør skjøttast ut.

Lokalitetar med suppleringar og endringar

Nedanfor følgjer ein tabell med alle tidlegare undersøkte og avgrensa naturtypelokalitetar i Naturbase, med informasjon om endringar i samband med suppleringsarbeidet. Deretter følgjer skildringar av dei oppsøkte lokalitetane ordna etter stigande Naturbase-nummer.

Tabell 2. Oversikt over alle tidlegare undersøkte lokalitetar i Naturbase frå Vanylven (pr. våren 2007), med informasjon om endringar i samband med suppleringsarbeidet. Lokalitetane er ordna etter stigande Naturbase-nummer. Lokal-ID er lokalitetsnummer i datasetta til Vidnes (2004), NGU og Oldervik (2006). IID er Naturbasenummer. V er verdi. Dato er tidspunkt for siste feltsjekk ifølgje Naturbase (før evt. nytt besøk i 2007). Endringskolonna inneheld informasjon om endring/supplering i 2007.

Lokal-ID	IID	Lokalitet	Naturtype	V	Dato	Endring
1	BN00012900	Grynnevatnet	H00 Andre viktige forekomster	A	25.06.2002	
9	BN00012901	Almklov	F01 Rik edellauvskog	B	17.07.2002	
11	BN00012902	Lia	D01 Slåttemark	C	17.06.2002	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid, endra verdi (frå C til B).
12	BN00012903	Hellebust	D01 Slåttemark	A	24.07.2002	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid.
2	BN00012904	Sunnalsvatnet	H00 Andre viktige forekomster	B	08.06.2002	
3	BN00012905	Grubseraudehaugen	D04 Naturbeitemark	C	24.07.2002	
4	BN00012906	Halse	D01 Slåttemark	C	25.05.2002	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid, endra verdi (frå C til B).
13	BN00012907	Hellebostmyrane	E03 Kroksjøer, floddammer og meanderende elveparti	B	01.01.2002	
7	BN00012908	Helgehornet	H00 Andre viktige forekomster	B	01.01.2002	Naturtype bør endrast frå H00 til B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
57	BN00012909	Nygård	F01 Rik edellauvskog	C	29.07.2003	
8	BN00012910	Åhaugen	D04 Naturbeitemark	A	29.05.2002	
15	BN00012911	Ekremseter	D04 Naturbeitemark	B	24.07.2002	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid.
17	BN00012912	Gusdal Øvre	D01 Slåttemark	B	01.01.2002	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid, endra verdi (frå B til A).
58	BN00012913	Gusdal Nedre	D01 Slåttemark	C	01.01.2002	
10	BN00012914	Almklovdalen	F03 Kalkskog	A	01.01.2002	Går ut og vert erstatta av fleire mindre lokalitetar (101, 103, 104, 105).
21	BN00012915	Holmen	D05 Hagemark	C	27.05.2002	
27	BN00012916	Raudesanden	C01 Kalkrike områder i fjellet	A	25.07.2003	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid, endra avgrensing i forhold til ny nærliggjande lokalitet (123 Skoraelva).
22	BN00012917	Tusshornet	H00 Andre viktige forekomster	B	01.01.1999	Naturtype bør endrast frå H00 til B04 Nordvendte kystberg og blokkmark

Lokal-ID	IID	Lokalitet	Naturtype	V	Dato	Endring
29	BN00012918	Raudegrotet	C01 Kalkrike områder i fjellet	B	08.06.2002	
26	BN00012919	Syltehornet	H00 Andre viktige forekomster	B	01.01.1999	Naturtype bør endrast frå H00 til B04 Nordvendte kystberg og blokkmark
25	BN00012920	Ekremsdalen	A01 Intakte lavlandsmyrer	B	23.06.2002	
32	BN00012921	Sylte	G07 Brakkvannsdelta	B	28.05.2002	
23	BN00012922	Torvik	F01 Rik edellauvskog	C	10.07.2002	
51	BN00012923	Landsverk	D04 Naturbeitemark	B	01.01.1999	
24	BN00012924	Vikabogen	C01 Kalkrike områder i fjellet	C	17.06.2002	
49	BN00012925	Sørdalen	F01 Rik edellauvskog	B	14.08.2002	
33	BN00012926	Bøstranda	D04 Naturbeitemark	B	24.07.2002	
48	BN00012927	Oselva	G07 Brakkvannsdelta	B	01.01.1994	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid, øydela, ny verdi: D (uprior.).
34	BN00012928	Bøstranda	F01 Rik edellauvskog	B	02.07.2002	
35	BN00012929	Tunheim	D04 Naturbeitemark	C	24.07.2002	
50	BN00012930	Vik	G07 Brakkvannsdelta	B	06.06.2002	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid.
36	BN00012931	Tunheimshornet	F01 Rik edellauvskog	C	01.01.1976	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid, endra avgrensing, endra verdi (frå C til B).
37	BN00012932	Storeidsmyrane	A01 Intakte lavlandsmyrer	C	01.01.2002	
38	BN00012933	Storeide	F01 Rik edellauvskog	C	01.01.2002	
41	BN00012934	Strand	F01 Rik edellauvskog	B	01.01.2002	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid, endra avgrensing, endra verdi (frå B til A).
47	BN00012935	Eidså	D04 Naturbeitemark	C	01.01.1999	
52	BN00012936	Skåraura	F01 Rik edellauvskog	B	05.07.2002	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid, endra verdi (frå B til A).
54	BN00012937	Breiteig	F01 Rik edellauvskog	B	09.06.2002	
53	BN00012938	Breiteig	D04 Naturbeitemark	B	07.07.2002	
55	BN00012939	Sandnes	F01 Rik edellauvskog	C	01.01.2003	Ny områdeskildring basert på supplerande feltarbeid, endra avgrensing, endra verdi (frå C til A).
56	BN00012940	Bjørlykke	H00 Andre viktige forekomster	B	27.07.2003	Vert sletta og erstatta av ein mykje større lokalitet (108 Bjørlykkehornet)
42	BN00012941	Sandviksanden	G03 Sanddyne	B	05.06.2002	
46	BN00012942	Brandal	D04 Naturbeitemark	C	24.07.2002	
45	BN00012943	Brandalfeltet	C01 Kalkrike områder i fjellet	C	05.07.2002	
43	BN00012944	Nystølhornet	H00 Andre viktige forekomster	B	01.01.1999	Naturtype bør endrast frå H00 til B04 Nordvendte kystberg og blokkmark

Lokal-ID	IID	Lokalitet	Naturtype	V	Dato	Endring
44	BN00012945	Åram	D04 Naturbeitemark	B	24.07.2002	
5	BN00012946	Raudenausane	C01 Kalkrike områder i fjellet	B	17.06.2002	
6	BN00012947	Helgehornsvatnet	H00 Andre viktige forekomster	C	14.06.2002	
40	BN00012948	Øyra	G08 Brakkvannspoller	B	06.06.2002	
14	BN00012949	Ekremseter	D01 Slåttemark	B	24.07.2002	
16	BN00012950	Berge	A05 Rikmyr	B	01.01.2002	
18	BN00012951	Gusdalsvatnet	H00 Andre viktige forekomster	B	01.01.2002	
28	BN00012952	Ferehola	A05 Rikmyr	B	16.07.2002	
19	BN00012953	Åheimselva	E06 Viktig bekkedrag	A	01.01.2002	
31	BN00012954	Støylsvatnet	E08 Rik kulturlandskapssjø	C	10.07.2002	
30	BN00012955	Videlva	E03 Kroksjøer, flomdammer og meandrerende elveparti	C	15.06.2002	
20	BN00012956	Åheim	G08 Brakkvannspoller	B	04.06.2002	
39	BN00012957	Fiskåelva	E06 Viktig bekkedrag	C	28.05.2002	
NGU_2 MO12	BN00035977	(marin kartlegging)	I07 Israndavsetninger	B	06.12.2005	
NGU_2 MO13	BN00035978	(marin kartlegging)	I07 Israndavsetninger	B	06.12.2005	
NGU_2 MO50	BN00036015	(marin kartlegging)	I07 Israndavsetninger	B	06.12.2005	
NGU_2 MO52	BN00036017	(marin kartlegging)	I07 Israndavsetninger	B	06.12.2005	
(72)	BN00038807	Skår	D04 naturbeitemark	B	14.07.2006	

BN00012902 Almklovdalen: Lia

UTM: LP 229 787
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D01 Slåttemark
Utforming: D0104 Frisk fattigeng
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep, gjødsling
Undersøkt/kjelder: 17.06.2002, MV (Vidnes 2004, Naturbase), 20.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 02.02.2008 basert på tidlegare undersøkingar av Vidnes (2004, tidlegare innlagt i Naturbase) og eige feltarbeid 20.09.2006 (jf. Jordal 2007). Lokaliteten er ei tidlegare slåttemark som ligg i bakkane sydvest og ovanfor Hellebust (br. nr. 60/1) i Almklovdalen. Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Det var ca. 40% sølvbunkeeng (G3) og 50% frisk fattigeng (G4), resten var blåbærdominert vegetasjon.

Kulturpåverknad: Dette er ei slåtteeng i tidleg attgroingsfase (2002 og 2006). Det har ikkje vore jordarbeiding på lokaliteten så lenge ein kan hugse.

Artsfunn: Av planter kan nemnast bleikstorr, blåklokke, blåknapp, enghumleblom, harerug, jordnøtt, krattlodnegras, kvitbladtistel, kystmaure, prestekrage, smalkjempe, storfrytle og

tiriltunge. Av sopp vart det m.a. funne eit par vanlege beitemarkssoppar, seig vokssopp *Hygrocybe laeta* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*.

Prioritering: Attgroing dreg verdien ned, men førekomst av jordnøtteng tilseier at lokaliteten får verdien viktig (B) (endra frå C hos Vidnes 2004).

Omsyn og skjøtsel: Lokaliteten er i attgroing. For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein ta opp igjen tradisjonell skjøtsel med lite gjødsling og sein slått. Både jordarbeiding og gjødsling, men også opphøyr hevd og gjengroing vil ha ein negativ innverknad. Lokaliteten har truleg framleis eit stort restaureringspotensial. I framtida kan lokaliteten verte truga av utbyggingar, tilplantingar og andre bruksendringar.

BN00012903 Almklovdalen: Hellebust: Holmen

UTM: LP 235 790
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D01 Slåttemark
Utforming: D0104 Frisk fattigeng, D0112 Våt/fuktig, middels næringsrik eng
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep, gjødsling
Undersøkt/kjelder: 24.07.2002 MV & KJG (Vidnes 2004, Naturbase), 20.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 05.02.2008 basert på tidlegare undersøkingar av Vidnes (2004) (tidlegare innlagt i Naturbase) og eige feltarbeid 20.09.2006 (jf. Jordal 2007). Lokaliteten vert kalla Holmen og ligg som namnet seier på ein holme i elva på Hellebust i Almklovdalen. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseaanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4 i mosaikk med våt/fuktig, middels næringsrik eng (G12).

Holmen vart i 2006 berre beita av storfe og ikkje slått, men brukarane er positive til forslag om å halda fram slåtten, m.a. sidan ein også planla å slutta med dyr i 2007 (kjelde: Karin Aasen).

Kulturpåverknad: Holmen har lang og god hevd med sein slått og litt beiting vår og haust, og har elles ikkje vore gjødsla eller pløgd så langt ein kan hugse attende (Vidnes 2004).

Lokaliteten får truleg tilført noko næring frå elva.

Artsfunn: Særleg interessant er funn av raudlistearten **solblom** (VU på raudlista). Av planter elles kan nemnast bleikstorr, blåknapp, enghumleblom, hanekam, harerug, knegras, kvitblattistel, smalkjempe, småengkall og tiriltunge. Vidnes (2004) nemner beitemarkssoppen tuva køllesopp.

Prioritering: Kontinuerleg lang og god hevd som slåttemark og ein mindre bestand av raudlistearten solblom (VU) gjer at lokaliteten under litt tvil får verdien svært viktig (A) (som Vidnes 2004).

Omsyn og skjøtsel: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjøtsel med sein slått. Både gjødsling og jordarbeiding (og andre fysiske inngrep), men også opphøyr hevd og attgroing vil ha ein negativ innverknad og bør unngåast.

BN00012906 Sunndalen: Halse

UTM: LP 205 794
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D01 Slåttemark
Utforming: D0104 Frisk fattigeng
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av slått/beite, attgroing, fysiske inngrep, gjødsling
Undersøkt/kjelder: 25.05.2002 MV (Naturbase, Vidnes 2004), 20.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 05.02.2008 basert på tidlegare undersøkingar av Vidnes (2004) (tidlegare innlagt i Naturbase) og eige feltarbeid 20.09.2006 (jf. Jordal 2007). Lokaliteten er ei intakt slåttemark som ligg nord for Grofsevatnet i Sunndalen ovanfor vegen ved Halse, mellom hovudvegen og ein traktorveg som går oppover bakken. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4).

Kulturpåverknad: Lokaliteten har eit tydeleg slåtteenngpreg. Enga vart framleis slått i 2006, og dessutan beita (kjelde: Arne Hermansen). Ein traktorveg går gjennom lokaliteten.

Artsfunn: Av planter kan nemnast bleikstorr, blåklokke, blåknapp, enghumleblom, knegras, kornstorr, kvitbladtistel, kystmaure, prestekrage, skogfiol, smalkjempe og tiriltunge. Av sopp vart det m.a. funne **raudnande lutvokssopp *Hygrocybe ingrata*** (NT på raudlista).

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei lita, men intakt slåttemark som også har interessant vegetasjon og ein raudlisteart i låg kategori (endra frå C hos Vidnes 2004).

Omsyn og skjøtsel: For å ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjøtsel med lite gjødsling og sein slått, Både jordarbeiding og gjødsling, men også opphøyr hevd og gjengroing vil ha ein negativ innverknad.

BN00012911 Almklovdalen: Eikremsæter

UTM: LP 238 804

Hovudnaturtype: Kulturlandskap

Naturtype: D01 Slåttemark

Utforming: D0104 Frisk fattigeng, D0103 Sølvbunkeeng, D0112 Våt/fuktig, middels næringsrik eng

Verdi: B (viktig)

Mulege truslar: Opphøyr av beite, attgroing, fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 03.06.2002 MV, 24.07.2002 MV & KJG (Vidnes 2004, Naturbase), 20.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 02.02.2008 basert på tidlegare undersøkingar av Vidnes (2004) (tidlegare innlagt i Naturbase) og eige feltarbeid 20.09.2006 (jf. Jordal 2007). Lokaliteten er ei slåttemark i attgroing som ligg på olivingrunn på det nordlegaste bruket på Ekremseter. Lokaliteten er naturleg avgrensa av elva mot nord og av gjerde mot utmarka ovanfor og nedanfor. Grensa i sør er drege etter skjøn. Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4) dels med jordnøtt og kystmaure, sølvbunkeeng (G3), våt/fuktig, middels næringsrik eng (G12).

Kulturpåverknad: Sterk attgroing (2006). Tidlegare truleg noko gjødsling i det minste på deler av arealet.

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, blåkoll, enghumleblom, hanekam, heisiv, heistorr, jordnøtt, kattefot, knegras, kornstorr, kystgrisøyre, kystmaure, loppestorr, skogfiol, skogmarihand, smalkjempe, småengcall og tiriltunge. Vidnes (2004) nemner og funn av harerug, jonsokkoll, **marinøkkel** (NT på raudlista) og storblåfjør. Av sopp vart det m.a. funne relativt vidt utbreidde artar som silkeraudskivesopp *Entoloma sericellum* og kantarellvokssopp *Hygrocybe cantharellus*.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med intakt mangfald som er muleg å restaurera, men som no er i attgroing. Slåtteenger på olivingrunn er sjeldne, og vegetasjonstypen jordnøtteng med kystmaure er rekna som truga (Fremstad & Moen 2001).

Omsyn og skjøtsel: Lokaliteten er i attgroing. Det er ønskjeleg med framhald i beitinga, elles vil verdiane snart gå tapt. Ein bør unngå gjødsling, fysiske inngrep og innplantning av barskog.

BN00012912 Almklovdalen: Gusdal, øvre

UTM: LP 210 809
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: D01 Slåtteeeng
Utforming: D0107 Frisk/tørr, middels baserik eng
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Opphøyr av beite/slått, attgroing, fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder: 01.07.2001 GGa (A/S Olivin 2002, Vidnes 2004, Naturbase), 20.09.2006, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 02.02.2008 basert på tidlegare undersøkingar av Geir Gaarder (tidlegare innlagt i Naturbase, jf. Vidnes 2004) og eige feltarbeid 20.09.2006 (jf. Jordal 2007). Lokaliteten ligg på Gusdal, og består av små slåtteeenger i bakkane ovanfor vegen til Almklovdalen. Avgrensing av lokaliteten følgjer A/S Olivin (2002, dvs. uendra frå Vidnes 2004). Jordsmonnet er truleg delvis olivinhaldig sand. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h). *Vegetasjon:* Vegetasjonen har tørrengpreg, og er delvis dunhavreeng (G7b), ein truga vegetasjonstype som er svært uvanleg på kysten.

Kulturpåverknad: Bakkane vart slått årleg fram til ca. 1996 og dessutan beita av kyr av dei tidlegare brukarane. Seinare har det vore slått fleire gonger av andre, men vart i 2006 ikkje slått, berre litt beita av sau. Bakkane har vore litt gjødsla med kunstgjødsel (kjelde: Arne og Klara Gusdal 2006).

Artsfunn: Av planter kan nemnast blåklokke, blåknapp, dunhavre, engfiol, enghumleblom, engsmelle, knegras, kornstorr, kystgrisor, liljekonvall, markjordbær, raud jonsokblom, smalkjempe, storblåfjør, stormaure og tiriltunge. Gaarder fann raudlistearten **marinøkkel** (NT). Interessant er og store bestandar av den regionalt uvanlege arten dunhavre (regionalt sjeldan plantart, Gaarder og Jordal 2003). Av sopp vart det m.a. funne *Entoloma caesiocinctum*, bleikskiva raudskivesopp *Entoloma infula*, tjøreraudskivesopp *Entoloma poliopus*, **rombespora raudskivesopp** *Entoloma rhombisporum* (NT på raudlista), silkeraudskivesopp *Entoloma sericellum*, kantarellvokssopp *Hygrocybe cantharellus*, gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana*, kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, spiss vokssopp *Hygrocybe persistens*, grøn vokssopp *Hygrocybe psittacina*, **raudskivevokssopp** *Hygrocybe quieta* (NT på raudlista) og elfenbeinshette *Mycena flavaalba*.

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei tilnerma intakt slåttemark av ein svært spesiell type, dessutan eit intakt og rikhaldig mangfald og tre raudlisteartar (endra frå B hos Vidnes 2004).

Omsyn og skjøtsel: Lokaliteten vert for svakt skjøtta og er i byrjande attgroing. Skal ein ta vare på det biologiske mangfaldet må ein oppretthalde tradisjonell skjøtsel, med sein slått, som har vore ein del av den tradisjonelle drifta. Det nest beste er å halda lokaliteten med beiting. Ein bør unngå gjødsling og fysiske inngrep.

BN00012916 Raudesanden

UTM: LP 244 822
Hovudnaturtype: Fjell
Naturtype: C01 Kalkrike område i fjellet
Utforming: C0104 Bergknaus og rasmak (olivin)
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: 25.07.2003 MV (Vidnes 2004, Naturbase), 19.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 05.02.2008 i hovudsak basert på tidlegare undersøkingar av Vidnes (2004) (tidlegare innlagt i Naturbase) og litt på eige feltarbeid 19.09.2007 (berre nedre deler, avgrensing endra i forhold til den nye lokaliteten 123 Skoraelva). Lokaliteten ligg sør for Nonshornet mellom Syltedalen og Almklovdalen, og er ein olivinførekomst i dagen, med både berg og stein, men også med forvittringsgrus og karakteristisk rasmarksvegetasjon, samt område med beitepåverknad i form av naturenger på olivingrunn. Småbekkar renn over området og dannar rikare bekkelar i underkant. Ved avgrensing er det teke med interessante område som grensar inn til olivinførekomsten. Ei rikmyr (BN00012952 Ferehola, lokal-ID 28) får sivevatn frå m.a. denne lokaliteten. Området ligg truleg mest i alpine vegetasjonssoner og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Mest interessant er ultrabasisisk og tungmetallforgifta mark, ultrabasisisk utforming (F6a). Elles fjellhei med tørr og fuktig røsslyngvegetasjon og noko grashei med finnskjegg.

Kulturpåverknad: Tidlegare vart det teke ut mineral her (Vidnes 2004), men dette har truleg ikkje hatt stor innverknad på vegetasjonen. Ein del sauebeiting.

Artsfunn: Typiske artar på olivin var aurskrinneblom, dvergjamne, fjellarve, fjelltjæreblom, småsmelle og strandsmelle. På dei fuktige områda i underkant av lokaliteten veks det **brunburkne** (NT på raudlista), vårmarihand, nattfiol, skogmarihand, mykje gulsildre, svarttopp, hengjeaks, kranskonvall og liljekonvall.

Prioritering: Det avgrensa området får verdi A (viktig) på grunn av at lokaliteten er velutvikla, relativt stor og har dessutan ein interessant flora. Ikkje minst viktig er førekomstar av den sjeldne brunburkna, som og står på den globale raudlista. Dette er einaste sikre veksestad for brunburkne i Vanylven. Beitepåverka olivinområde er ei sjeldan utforming.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep. Sauebeiting har medført stadvis grasdominans, og held truleg røsslyng attende. Beitinga bør difor oppretthaldast.

BN00012927 Syvde: utløpet av Oselva

UTM: LP 291 882

Hovudnaturtype: Havstrand/kyst

Naturtype: G07 Brakkvassdelta

Utforming:

Verdi: D (uprioritert)

Mulege truslar: Fysiske inngrep

Undersøkt/kjelder: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1997, jf. Naturbase og Vidnes 2004), 20.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 02.02.2008 basert på tidlegare undersøkingar (tidlegare innlagt i Naturbase) og eige feltarbeid 20.09.2007. Lokaliteten ligg i botnen av Syvdefjorden, Oselva kjem frå Sjørdalen, og lokaliteten består av elveutløpet. Elveoslandskapet er prioritert (klasse 2B) i fylkesplanen for elveoslandskap i fylket. Elvedeltaet høyrer med til dei utvalde som er med i eit nasjonalt prosjekt der målet er å følgje utviklinga i slike område samt å etablere eit verkty og vedtaksgrunnlag for bruk i offentleg miljøforvaltning. Den er også med i den nasjonale elvedeltadatabasen (DN 2002). Fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.) inneheld retningslinjer for forvaltning av brakkvassdeltaet og tilrår m.a. korleis lokaliteten bør sikrast for framtida gjennom arealdelen til Vanylven kommune (Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994). Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Det har tidlegare (Vidnes 2004) vore intakte strandenger på austsida, men desse er no øydelagde.

Kulturpåverknad: Vestsida av elva er sterkt utbygd frå før, og elva kanalisert. Dei siste delene av strandengene på austsida av elva var øydelagt av nye utfyllingar ved besøket i september 2007. Dette er difor ikkje lenger ein prioritert naturtype (endra frå B hos Vidnes 2004).

Artsfunn: Ingen interessante funn vart gjort.

Prioritering: Lokaliteten får ny verdi D (uprioritert) på grunn av at dei siste delene av strandengene var øydelagt av nye utfyllingar ved siste besøket. Lokaliteten kan likevel vurderast som viltlokalitet, sidan våtmarksfugl også kan utnytta gruntvassområda.

Omsyn og skjøtsel: Området kan framleis ha ein viss funksjon som viltområde (næringsøk i gruntvassområda) og bør derfor ikkje fyllast vidare ut.

BN00012930 Syvde: Vikøyrane

UTM:	LP 302 892
Hovudnaturtype:	Havstrand/kyst
Naturtype:	G07 Brakkvassdelta
Utforming:	
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.06.2002, MV (Vidnes 2004, Naturbase), 20.09.2007, JBJ

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av John Bjarne Jordal 02.02.2008 basert på tidlegare undersøkingar av Vidnes (2004) (tidlegare innlagt i Naturbase) og eige feltarbeid 20.09.2007. Lokaliteten er eit klassisk brakkvassdelta med ei mindre oppgrunning i sjøen utanfor der Vikelva renn ut i Syvdsfjorden, eit område med bankar utsett for aktive fluviale prosessar, og der det enno er mindre urørte strandenger. Dette området, saman med dei maritime gruntvassområda er viktige for fugl, både for matleting og som hekkeplass, og området er vurdert som middels viktig for vilt. Vassdraget er laks/ og sjøaureførande. Elvedeltaet høyrer med til dei utvalde som er med i eit nasjonalt prosjekt der målet er å følgje utviklinga i slike område samt å etablere eit verkty og vedtaksgrunnlag for bruk i offentleg miljøforvaltning. Den er også med i den nasjonale elvedeltadatabasen. Fylkesplanen for elveoslandskap i fylket (godkjend 10.06.94 i Miljødept.) inneheld retningsliner for forvaltning av brakkvassdeltaet, og tilrår m.a. korleis lokaliteten bør sikrast for framtida gjennom arealdelen til Vanylven kommune (Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal Fylkeskommune 1994). Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Det er noko gråor-heggeskog inst mot vegen, elles er det litt strandeng og grusstrand, men særleg framtreddande er ein elvekant dominert av parkslirekne.

Kulturpåverknad: Riksvegen kryssar elva nær elvedeltaet og dyrka mark ligg inntil lokaliteten. Det er funne fleire framande (innførte) artar: amerikamjølke, parkslirekne, platanlønn og rukkerose. Dei tre siste er vurderte til "høg risiko" i den norske svartelista (Gederaas et al. 2007), noko som tyder at dei kan gjera store skadar på naturlege økossystem om dei får spreia seg uhemma. Området er kraftig invadert av parkslirekne, som medfører store endringar i vegetasjonen.

Artsfunn: Av planter kan nemnast fjøresauløk, hanekam, kratthumleblom, krypkvein, saltsiv, skjørbuskurt, skogkarse, skogstjerneblom, storfrytle, strandkjeks, strandkjempe, strandkryp, strandmelle og svartvier. Av fugl vart det i sept. 2007 notert rundt 70 stormåse (gråmåse og svartbak), 2 hegrar, 2 kråker, 2 stokkender og 9 silender ved besøket.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er eit lite og i hovudsak fysisk intakt deltaområde, men som er i ferd med å bli invadert av framande artar.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fleire fysiske inngrep. Elles skulle innførte artar som parkslirekne, platanlønn og rukkerose vore fjerna, fordi dei er i ferd med å ta overhand og fortrenge dei stadeigne artane.

BN00012931 Fiskå: Tunheimshornet

UTM: LP 215 885
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Utforming: F0103 Rikt hasselkratt, 90 %, (/F0107 Or-askeskog, 10 %)
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1997, jf. Vidnes 2004), 04.09.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av Dag Holtan 15.01.2008 basert på tidlegare opplysningar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1997) (tidlegare innlagt i Naturbase) og eige feltarbeid 04.09.2007. Lokaliteten er ein rik edellauvskog som ligg i dei bratte liene og hamrane under Tunheimshornet ved Tunheim yttarst i Syltefjorden. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Lågurt-edellauvskog, rike kysthasselkratt med storfrytle (D2c) er viktigaste vegetasjonstype, elles blåbær-edellauvskog, blåbær hasselkratt (D1d), bergsprekk og bergvegg, basefattig utforming (F2b). Bjørk og hassel er vanlegaste treslag med ask som ein god nummer tre. Elles noko osp, rogn og selje. Lokaliteten inneheld gamle, til dels grove hasseltre, samt seljer og dunbjørker, og ein del daud ved.

Kulturpåverknad: Lokaliteten har dominans av gras, særleg krattlodnegras, noko som truleg skuldast gammal beitepåverknad. Heile lokaliteten er sterkt kulturpåverka, m.a. med spreining av framande artar som gran og platanlønn. Gran som er planta i underkant av lokaliteten skuggar i dag ut delar av edellauvskogen over. Platanlønn er vurdert til "høg risiko" i den norske svartelista (Gederaas et al. 2007), noko som tyder at arten kan gjera store skadar på naturlege økossystem om han får spreia seg uhemma. I tillegg er her ein del hageutkast. Tidlegare har det truleg vore beiting av husdyr.

Artsfunn: Av planter kan nemnast ask, geittelg, hassel, kusymre, ormetelg, raggtelg, stankstorkenebb, storfrytle og vivendel. Vidnes (2004) nemner dessutan myske og sanikel.

Prioritering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein rik edellauvskog, rett nok ein liten, sterkt kulturpåverka lokalitet, men med innslag av ein truga naturtype (rikt hasselkratt) (endra frå C hos Vidnes 2004). Mest interessant, og som og har vore tillagt ei viss vekt ved verdivurderinga, er likevel oppslag av ask, som no står i ein homogen bestand på eit drygt dekar sentralt i lokaliteten.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området. Framande treslag bør skjøttast ut.

BN00012934 Fiskå: Strand

UTM: LP 185 908
Hovudnaturtype: Skog
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Utforming: F0103 Rikt hasselkratt
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder: Naturbase (Vidnes 2004), 04.09.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Skildringa er innlagt av Dag Holtan 15.01.2008 basert på tidlegare undersøkingar av Vidnes (2004) (tidlegare innlagt i Naturbase) og eige feltarbeid 04.09.2007. Lokaliteten er ein rik edellauvskog som ligg i den bratte og søreksponerte lia under fjellet Nykelen mellom ytre og indre Strand eit par kilometer vest for Fiskå sentrum. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (i overgangen til sørboreal sone) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Lågurt-edellauvskog, rike kyst-hasselkratt (D2c, truga vegetasjonstype), blåbær-edellauvskog, blåbær-hasselkratt (D1d), gråor-heggeskog, rasmarek (F1). Dei sentrale delane av steinura har ein sjeldan godt utvikla lågurtvegetasjon, særleg med tanke på kor lite skog ein finn på ytterkysten. Bjørk og hassel er dominerande treslag, med innslag av ein del osp, rogn og selje, spreidd også gråor og hegg.

Kulturpåverknad: Særleg på sørsida av lokaliteten, heilt inn til det avgrensa området, er det oppslag av planta sitkagran. Utvalet av planteartar tyder på at området ikkje har vore viktig til beiting i nyare tid.

Artsfunn: Av planter kan nemnast **alm** (NT på raudlista), blårapp, breiflangre, **fuglereir** (NT på raudlista), hassel, hengjeaks, krattlodnegras, krattmjølke, kusymre, markjordbær, myske, skogfiol, stankstorkenebb og vivendel. Vidnes (2004) nemner og sanikel. Av sopp vart det m.a. funne ametystsopp *Laccaria amethystina*, grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus*, gullkremle *Russula aurea*, gulnande slørsopp *Cortinarius rubicundulus* og marsipankremle *Russula grata*. Fleire av desse sto på den førre raudlista (DN 1999b).

Prioritering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein godt utvikla og intakt edellauvskog med gammal hassel og noko alm (endra frå B hos Vidnes 2004). Det er grunn til å tru at denne lokaliteten saman med eit par andre i Syvdsfjorden har dei best utvikla hasselkratta på ytterkysten på søre Sunnmøre. Soppsesongen 2007 var svært dårleg på heile Vestlandet, og det ved verddivurderinga er lagt ei viss vekt på at lokaliteten har eit klart potensial for funn av sjeldne og raudlista soppar.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte. Framande treslag (sitkagran, platanlønn) bør skjøttast ut.

BN00012936 Syvdsfjorden: Vardegga

UTM:	LP 288 915
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	05.07.2002 MV (Vidnes 2004, Naturbase), 04.09.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten heitte tidlegare "Skåraura". Skildringa er innlagt av Dag Holtan 15.01.2008 basert på tidlegare undersøkingar av Vidnes (2004) (tidlegare innlagt i Naturbase) og eige feltarbeid 04.09.2007. Lokaliteten er ein rik edellauvskog som ligg i Syvdsfjorden, rett på sørsida av Urdsneset mellom Oppsal og Skår. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Lågurt-edellauvskog, rike kysthasselkratt (D2c, ein truga vegetasjonstype), blåbær-edellauvskog, blåbær-hasselkratt (D1d), rasmarek (F1). Lågurtskog og småbregneskog er viktigaste typar, med naturlege overgangar mot blåbær-småbregneskog somme stader. Bjørk og hassel er dominerande treslag, med somme ospeholt, meir spreidd gråor, hegg, rogn og selje.

Kulturpåverknad: Heile den nedre delen av ura er tilplanta med gran og sitkagran, som delvis allereie er i spreing innafor det avgrensa området. Det vert med jamne mellomrom rydda under høgspenteleidninga som går i nedre del av lokaliteten.

Artsfunn: Av planter kan nemnast **alm** (NT på raudlista), breiflangre, broddtelg, fingerstorr, hassel, hengjeaks, kusymre, ormetelg, sitkagran, smørtelg, storfrytle og vivendel. Vidnes (2004) nemner og krossved, myske, nattfiol, ramslauk og sanikel. Av sopp vart det m.a. funne ametystkantarell *Cantharellus amethysteus* (NT på raudlista), ametystsopp *Laccaria amethystina*, halmgul køllesopp *Clavaria flavipes* (NT på raudlista), kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, kokskremle *Russula anthracina* (NT på raudlista), svartnande kantarell *Cantharellus melanoxeros* (NT på raudlista) og sølvhette *Mycena polygramma*. Av lav vart det funne m.a. lungenever og skrubbenever (potensielt bør raudlisteartane kastanjefiltlav og olivenfiltlav også kunne finnast på berg).

Prioritering: Det avgrensa området får verdi A (svært viktig) på grunn av det er ein stor og intakt lokalitet med rikt hasselkratt, som også er truga som vegetasjonstype (endra frå B hos Vidnes 2004). Det er i tillegg lagt vekt på funn av mange raudlisteartar, sjølv om desse førebels er i lågare kategori. Soppsesongen 2007 var svært dårleg på heile Vestlandet, og ut frå at dette er godt utvikla hasselkratt, er det fagleg grunn til å vente funn av fleire sjeldne eller raudlista soppar i ein betre sesong.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte. Framande treslag (gran, sitkagran og platanlønn) bør skjøttast ut.

BN00012939 Sandnesdalen: Ramshylla

UTM:	LP 250 942
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0106 Gråor-almeskog
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	KJG udatert (Vidnes 2004, Naturbase), 04.09.2007, DH

Områdeskildring

Generelt: Lokaliteten heitte tidlegare "Sandnes". Skildringa er innlagt av Dag Holtan 15.01.2008 basert på tidlegare undersøkingar av Vidnes (2004) (tidlegare innlagt i Naturbase) og eige feltarbeid 04.09.2007. Lokaliteten er ein rik edellauvskog som ligg i ei bratt, sørausteksponert li under fjellet Ramshylla i Sandnesdalen om lag halvannen kilometer sørvest for Sandneset (ved Eidså). Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og sterkt oseanisk vegetasjonssesjon, humid underseksjon (O3h).

Vegetasjon: Viktige typar er småbregneskog, inkl. flekkvise område som viser slektskap med lågurtskog, og dessutan høgstaude-storbregneskog. Bjørk og osp er dei mest utbreidde treslaga, men med mykje hassel og ein del gråor og hegg. Elles spreidd rogn og selje.

Kulturpåverknad: Det er generelt planta mykje gran i dalføret, også på nordsida av elva og inntil det avgrensa området. Mange av tre er gamle, og det finst noko daud ved. Flekkvis mykje av ein grasart som sølvbunke kan tyde på tidlegare beitepåverknad. Platanlønn finst, han er vurdert til "høg risiko" i den norske svartelista (Gederaas et al. 2007), noko som tyder at arten kan gjera store skadar på naturlege økosystem om han får spreia seg uhemma.

Artsfunn: Av planter kan nemnast **alm** (NT på raudlista), bergfrue, blåknapp, blårapp, bringebær, fingerstorr, hassel, kratthumleblom, krattlodnegras, krattmjølke, kvitbladtistel, markjordbær, myske, ormetelg, raggtelg, rosenrot, sanikel, skogfiol, skogsvinerot, smørtelg, stankstorkenebb, storklokke, stornesle, strutsving, trollbær og trollurt. Vidnes (2004) nemner også firblad, jordnøtt, korallrot og kusymre. Særleg er storklokke og strutsving uvanlege nær ytterkysten på Vestlandet. Av sopp kan nemnast grå trompetsopp *Pseudocraterellus undulatus* og trompetkjuke *Polyporus tubaeformis*. Av lav vart det funne m.a. kystnever, lungenever, **olivenfiltlav** (VU på raudlista), skrubbenever, sølvnever og vanleg blåfiltlav. Det vart også

funne hakkemerker på tre som truleg skriv seg frå raudlistearten kvitryggspett (NT på raudlista). Observasjon av hjort bør også nemnast, då dei gjer skade særleg på almetrea. *Prioritering:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein rik edellauskog med eit godt artsutval av m.a. varmekjære artar (endra frå C hos Vidnes 2004). Det er relativt gode førekomstar av til dels gammal alm, samstundes som her er artsrikt med ein del uvanlege artar og to raudlisteartar. Det største almetrea har ein diameter ved basis på om lag ein meter. Det er god førekomst av gamle tre og læger av fleire treslag. Dette er truleg den einaste kjente, gamle almeskogen på ytterkysten på Sunnmøre, noko som også er vektlagt ved verdivurderinga.

Omsyn og skjøtsel: Ein bør unngå fysiske inngrep, og naturverdiane vert best ivaretekne dersom ein unngår hogst og treslagskifte i dette området. Framande treslag (gran, platanlønn) bør skjøttast ut.

Område med dårlege data eller usikker status

Eigne og andre sine undersøkingar har produsert data om lokalitetar som kunne vera aktuelle å undersøkje vidare og evt. avgrensa. Nedanfor vert det presentert ein del område som ikkje er avgrensa og prioritert i rapporten, men der det kan finnast prioriterte naturtypar som burde ha vore undersøkt betre eller avgrensa gjennom feltarbeid. Det finst t.d. ingen tydelege retningsliner for grenseoppgangar mellom C (lokalt viktig) og ”ikkje lokalitet”.

Tabell 3. Område i Vanylven kommune med dårlege data eller usikker status, som ikkje er avgrensa eller prioritert i rapporten. Fleire av desse er truleg naturtypelokalitetar som burde ha vore sjekka.

Lokalitet	Kommentar
Almklovdalen/Sundalen	Vidnes (2004): Kalkrike område i fjellet/ ultrabasisk og tungmetallrik mark i låglandet. Mellom desse to dalføra er det mange små område med olivinstein som ikkje har vorte oppsøkt. Mange av desse er truleg lite forvittra og fattige, men bør likevel undersøkast.
Bjørlykkehornet	Lite olivinsteinfelt 600 m.o.h. med eksposisjon mot vest, truleg utanfor avgrensa nordvendt berg. Fleire interessante artar. Jf. Bjørlykke (1938).
Brandal	Vidnes (2004): Kulturlandskap. M. og R. Nordhagen fann i 1970 kystengkall mellom Koparnes og Åram ved utstrøymande grunnvatn og artsrik vegetasjon. Jf. Gaarder og Jordal (2001).
Diverse gamle sætrer	Potensielle naturbeitemarker (JBJ).
Eidså	Vidnes (2004): Kulturlandskap. Ifølge J. R. Landmark var det solblom i mengder. Det har ikkje vore gjenfunn i området. Jf. Gaarder og Jordal (2001).
Eidså: Krikane sør for Taksetnakken	Potensiell lokalitet for kystmyrer (JBJ).
Eidså: Taksetnakken	Vidnes (2004): Mindre parti olivinstein på nordaustsida av Taksetnakken. I fast fjell er olivinsteinen synleg i 5 – 10 m høgde og ca 40 m langt. Under feltet er skråningane dekkja av lausblokker av olivinstein ca 50 m nedover. Jf. Bjørlykke (1938).
Hatleneset	Vidnes (2004): Fattig edellauvskog. Lokaliteten vert vurdert som liten og dårleg utvikla, og er i denne omgong ikkje prioritert.
Kilebrekka	Vidnes (2004): Kulturlandskap (fjellbeite). M. og R. Nordhagen fann i 1970 kystengkall ved overgangen Syvdsbotn-Sylte, høgt oppe i vegsvingen ved ein kjeldebekk. Lokaliteten har ikkje vorte vurdert under dette arbeidet. Jfr. Gaarder og Jordal (2001)
Krokneshornet, nordsida	Potensiell lokalitet for nordvendte kystberg og blokkmark (JBJ).
Norddalselva	Vidnes (2004): Viktig bekkedrag. Elv i kulturlandskapet med frodige vegetasjonskantar. Lokaliteten har ikkje vore undersøkt.
Rovde	Store kystlyngheier observert på avstand i 2007 (JBJ).
Sildevika	Naturbeitemark. Har vore undersøkt av Jordal og Gaarder (1993). Funn av naturengplantar, men ingen beitemarkssopp. Lokaliteten bør oppsøkast igjen.
Sylteelva/Lundehaugen	Vidnes (2004): Viktig bekkedrag i kulturlandskapet med kantsone av til dels gamal svartor. Det er registrert lav på lokaliteten (KJG), samt hekkande spettmeis. I gamle naturbasen var nedste delen av elva teke med i avgrensinga av brakkvassdeltaet (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1997).
Sylteskogen	Vidnes (2004): Gammal bjørkeskog med innslag av fattig edellauvskog, særleg hassel. Lokaliteten vert vurdert som liten og dårleg utvikla, og er ikkje prioritert i denne omgangen.
Syvdseidet, sørsida	Store kystlyngheier observert på avstand i 2007 (JBJ).
Vidnes	Vidnes (2004): Fattig edellauvskog. Lokaliteten vert vurdert som liten og dårleg utvikla, og er i denne omgong ikkje prioritert.
Vidneshornet, nordsida-Skjervheimdalen	Potensiell lokalitet for nordvendte kystberg og blokkmark (JBJ).
Vorakinndalen	Potensiell lokalitet for kystmyrer (JBJ).
Åram bunkersanlegg	Vidnes (2004): Naturbeitemark. På lokaliteten ligg eit gammalt bunkerskompleks frå 2. verdskrigen. Naturbeitemarka kan vere aktuell for beitemarkssopp, av di beitetrykket er relativt bra.
Åramsdalen	Store kystlyngheier observert på avstand i 2007 (JBJ).
Årskagelva	Vidnes (2004): Brakkvassdelta. Lokaliteten har truleg mindre intakte strandenger på vestsida, elles er den sterkt utfyllt og oppdyrka. Lokaliteten har truleg ein viss verdi for fuglelivet i området. Vassdraget er sjøaureførande.

RAUDLISTEARTAR

Med raudlisteartar meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (Kålås et al. 2006). Funn av raudlisteartar er samanstillt for heile fylket (eigen database), og utsortert herifrå for Vanylven kommune.

Den nasjonale raudlista nyttar følgjande kategoriar:

RE	regionalt utdøydd	VU	sårbar
CR	kritisk truga	NT	nær truga/omsynskrevande
EN	direkte truga	DD	kunnskapsmangel

Algar

Kransalgen glansglattkrans er funnen av Leif Malme i to olivinpåverka vatn i 1973 (Gusdalsvatnet og Grofsevatnet).

Sopp

I Vanylven er det kjent 11 raudlista soppartar. 8 av desse er knytt til kulturlandskapet. 3 er knytt til skog.

Planter

I Vanylven er det kjent 9 raudlista planteartar etter den nye raudlista. Følgjande av desse er i hovudsak knytt til kulturlandskapet: solblom (VU), brudespore (NT), kvitkurle (VU), kystengkall (VU) og marinøkkel (NT). Fuglereir (NT), barlind (VU) og alm (NT) er knytt til skog. Brunburkne (NT) er knytt til olivin/serpentin-knausar og olivinskog.

Lav

I Vanylven er det kjent to funn av to raudlista lavartar etter den nye raudlista.

Virvellause dyr

Elvemusling *Margaritifera margaritifera* (VU) er ein kravfull art knytt til stilleflytande småvassdrag. Denne arten har sine viktigaste europeiske bestandar nettopp i Noreg. Det er kjent to vassdrag med elvemusling i Vanylven.

Tabell 4. Oversikt over funn av raudlistearter i Vanylven sortert etter organismegruppe (Gr) og latinsk namn. Kat=kategori på den nasjonale raudlista (Kålås et al. 2006).

Grupper	Raudlistekategoriar
Alg kransalgar	CR kritisk truga
L lav	EN sterkt truga
Mol ferskvassblautdyr	VU sårbar
P planter	NT nær truga
S sopp	DD kunnskapsmangel

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat	Lokalitet	Habitat	Dato	Finnar	UTM
Alg	<i>Nitella flexilis</i>	Glansglattkrans	NT	Grubsetvatnet	Innsjø	29.07.1973	Malme, Leif	LP 20 78
Alg	<i>Nitella flexilis</i>	Glansglattkrans	NT	Gusdalsvatnet	Innsjø	29.07.1973	Malme, Leif	LP 20 80
L	<i>Bryoria bicolor</i>	Kort trollskegg	NT	Sandfjellet i Eidså		12.08.1934	Bjørlykke, O.	LP 24, 95-96
L	<i>Fuscopannaria mediterranea</i>	Olivenfiltlav	VU	Sundnesdalen	Edellauvskog	04.09.2007	Holtan, Dag	LP 2486 9407
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	Elvemusling	VU	Sørdalselva	Roligstrømmende bekk	2002	Grimstad, Karl Johan	LP 28 85
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	Elvemusling	VU	Åheimselva	Bekk	1990-tallet	Wangen, Gunnar (pers. medd.); Sætrenes, Lars	LP 184 827-191 813?
Mol	<i>Margaritifera margaritifera</i>	Elvemusling	VU	Åheimselva	Bekk	23-27.07.2001	Pernille Bruun	LP 184 827-191 813?
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	VU	Almklovdalen: Hellebust: Holmen	Slåtteeng	20.09.2006	Jordal, John Bjarne	LP 2359 7914
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	VU	Almklovdalen: Hellebust: innpå myrane	Beitemyr	ca. 2000	Aasen, Karin	LP 235 790
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	VU	Eidså i mængde (if. J. R. Landmark)		1800-talet	Blytt, A.: Nye bidr. 3, 35.	LP 26, 91-92
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	VU	Rovde		1920-50	Høeg, Ove Arbo (1967)	LP 29-31, 97-98
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	VU	Skår	Naturbeitemark	14.07.2006	Oldervik, Finn, Grimstad, Karl Johan	LP 2804 9265
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	VU	Storejde		1877	Landmark, Jonas R.	LP 23-24, 90

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat	Lokalitet	Habitat	Dato	Finnar	UTM
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	VU	Syvde		1940-45	Høeg, Ove Arbo (1967)	LP 29-31, 87-89
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	VU	Åhaug i Almklovdalen	Beitemark (storfeite)	01.07.2001	Gaarder, Geir	LP 2130 8012
P	<i>Arnica montana</i>	Solblom	VU	Åheim: Hellebust	Slåtteeng	17.07.2002	Vidnes, Mattis; Skåra, Sofie	LP 236 792
P	<i>Asplenium adulerinum</i>	Brunburkne	NT	Sylte: Raudesanden (Nonshorn)	Olivinknauser	22.07.2003	Grimstad, Karl Johan; Vidnes, Mattis	LP 241 822
P	<i>Botrychium lunaria</i>	Marinøkkel	NT	Sylte: Raudegrotet / Skinasvædet	Rik fjell-vegetasjon (olivin)	08.06.2002	Vidnes, Mattis	LP 264 840
P	<i>Botrychium lunaria</i>	Marinøkkel	NT	Åheim: Eikremsæter	Slåtteeng	03.06.2002	Vidnes, Mattis	LP 238 804
P	<i>Botrychium lunaria</i>	Marinøkkel	NT	Åheim: Gusdal Øvre	Slåtteeng	01.07.2001	Gaarder, Geir	LP 211 809
P	<i>Gymnadenia conopsea</i>	Brudespore	NT	Eidså; S. Sunnmør		00.00.1930	Bjørlykke, O.	LP 24-26, 90-93
P	<i>Gymnadenia conopsea</i>	Brudespore	NT	Sylte: Raudegrotet / Skinasvædet	Rik fjell-vegetasjon (olivin)	08.06.2002	Vidnes, Mattis	LP 264 840
P	<i>Neottia nidus-avis</i>	Fuglereir	NT	Fiskå: Strand (under Nykelen)	Rikt hasselkratt	04.09.2007	Holtan, Dag	LP 1854 9073
P	<i>Pseudorchis albida</i>	Kvitkurle	VU	Søvde i Sundmøre Koppernæsvigen		00.07.1888	Bj (Bjørlykke?)	LP 24-25, 97
P	<i>Rhinanthus minor ssp. monticola</i>	Kystengkall	VU	mellom Koparnes og Åram		20.07.1970	Nordhagen, Monna; Nordhagen, Rolf	LP 18-24, 97-99
P	<i>Rhinanthus minor ssp. monticola</i>	Kystengkall	VU	mellom Koparnes og Åram ved utstrømmende grunnvann og artsrik vegetasjon	Ved utstrømmende grunnvann og artsrik vegetasjon	20.07.1970	Nordhagen, Monna; Nordhagen, Rolf	LP 18-24, 97-99
P	<i>Rhinanthus minor ssp. monticola</i>	Kystengkall	VU	Overgangen Syvdsbotn-Sylte, høgt oppe i veisvingen ved en kildebekk	Ved en kildebekk	22.07.1970	Nordhagen, Monna; Nordhagen, Rolf	LP 25-27, 82-83
P	<i>Taxus baccata</i>	Barlind	VU	Syvdsbotn.		00.05.1949	Apold, Wilhelm	LP 28-31, 88-89
P	<i>Ulmus glabra</i>	Alm	NT	Eidså: Sandnes	Rik edellaavskog	00.07.2002	Grimstad, Karl Johan	LP 249-254 940-945
P	<i>Ulmus glabra</i>	Alm	NT	Syvde: Sjørdalen	Rik edellaavskog	10.07.2002	Vidnes, Mattis	LP 27-29 85-86
P	<i>Ulmus glabra</i>	Alm	NT	Åheim: Almklov	Rik edellaavskog	17.07.2002	Vidnes, Mattis	LP 242 785
S	<i>Cantharellus amethysteus</i>	“Ametystkantarell”	NT	Vardegga	Rike hasselkratt	04.09.2007	Holtan, Dag	LP 2774 9205

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	Kat	Lokalitet	Habitat	Dato	Finnar	UTM
S	<i>Cantharellus melanoxeros</i>	Svartnande kantarell	NT	Vardegga	Rike hasselkratt	04.09.2007	Holtan, Dag	LP 2774 9205
S	<i>Clavaria fumosa</i>	Røykkøllesopp	NT	Vardegga	Rike hasselkratt	04.09.2007	Holtan, Dag	LP 2774 9205
S	<i>Entoloma rhombisporum</i>	Rombespora raudskivesopp	NT	Almklovdalen: Gusdal, øvre	Slåtteeng i attgroing	20.09.2006	Jordal, John Bjarne	LP 2110 8096
S	<i>Geoglossum simile</i>	Trolljordtunge	NT	Syvdsliene	Beitemyr	20.09.2006	Jordal, John Bjarne	LP 2694 8191
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	Raudnande lutvokssopp	NT	Almklovdalen: Halse	Slåtteeng	20.09.2006	Jordal, John Bjarne	LP 2054 7947
S	<i>Hygrocybe phaeococcinea</i>	Svartdogga vokssopp	NT	Bekslesetra	På beitet setervoll	27.09.2002	Gaarder, Geir	LP 171 772
S	<i>Hygrocybe quieta</i>	Raudskivevokssopp	NT	Almklovdalen: Gusdal, øvre	Slåtteeng i attgroing	20.09.2006	Jordal, John Bjarne	LP 2108 8096
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Raud honningvokssopp	NT	Bøstranda	Naturbeitemark	11.10.1995	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	LP 235 873
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Raud honningvokssopp	NT	Landsverk	Naturbeitemark	11.10.1995	Gaarder, Geir; Jordal, John Bjarne	LP 331 878
S	<i>Hygrocybe splendidissima</i>	Raud honningvokssopp	NT	Sørdalen	Beita rasenger	19.09.2007	Jordal, John Bjarne	LP 2803 8586
S	<i>Hygrocybe vitellina</i>	Gul slimvokssopp	VU	Rovde sør for Åsen	Naturbeitemark	20.09.2007	Jordal, John Bjarne	LP 3100 9754
S	<i>Hygrocybe vitellina</i>	Gul slimvokssopp	VU	Rovde sør for Åsen	Naturbeitemark	20.09.2007	Jordal, John Bjarne	LP 31019 97498
S	<i>Porpoloma metapodium</i>	Grå narremusserong	VU	Søndmøre: indre Søvde	På kalken	08.11.1885	Bjørlykke, Cand. real.	uplasserbar
S	<i>Russula anthracina</i>	Kokskremle	NT	Røstenakken	Rike hasselkratt	04.09.2007	Holtan, Dag	LP 225 909
S	<i>Russula anthracina</i>	Kokskremle	NT	Vardegga	Rike hasselkratt	04.09.2007	Holtan, Dag	LP 2769 9206

KUNNSKAPSSTATUS

Oppsummering av datagrunnlag etter dette prosjektet

